



KULTURHISTORISK  
MUSEUM  
UNIVERSITETET I OSLO  
ARKEOLOGISK SEKSJON  
Postboks 6762,  
St. Olavs Plass  
0130 Oslo

# RAPPORT

ARKEOLOGISK UTGRAVNING

Blåfjell 1, ein mellommesolittisk  
buplass med aktivitetsspor frå  
seinmesolitikum

E18 Langangen–Lanner-  
prosjektet, delrapport 1

SUNDSAASEN, 19/1,  
PORSGRUNN K., VESTFOLD OG  
TELEMARK

UTGRAVINGSLEIAR: Tina J. Granados

PROSJEKTLEIAR: Steinar Solheim



Oslo 2022



KULTURHISTORISK  
MUSEUM  
UNIVERSITETET  
I OSLO

Gårds-/ bruksnavn Sundsaaen	G.nr./ b.nr. 19/1
Kommune Porsgrunn	Fylke Vestfold og Telemark
Saksnavn E18 Langangen–Lanner	Kulturminnetype Steinalderbuplass
Saksnummer (KHM) 2020/3387	Prosjektkode 220422
Grunneier, adresse Per Sundsaaen, Langangsvegen 198, 3947 Langangen	Tiltakshaver Nye Veier AS, E18 Rugtvedt, Herreveien 57, 3962 Stathelle
Tidsrom for utgraving 11. mai–21. august 2020	UTM-koordinater/ Kartdatum N6550816, Ø545939 (UTM32)
A-nr. 2021/448	C.nr. C62935
ID nr. (Askeladden) 222339	Negativnr. (KHM) Cf53788, Cf53792, Cf53793
Rapport ved: Tina J. Granados, med bidrag frå Gaute Reitan	Dato: 22.12.2022
Saksbehandler: Steinar Solheim	Prosjektleder: Steinar Solheim

## SAMANDRAG

Innanfor E18 Langangen–Lanner-prosjektet vart det i 2020 grave ut fire lokalitetar (ID 222339–222342) nedanfor toppen av Blåfjell lengst sør på Sundsaaen. Dei fire lokalitetane, kalla Blåfjell 1–4 (frå høgast/eldst til lågast/yngst), låg mellom ca. 40 og 60 moh. og er datert til ulike delar av mellommesolitikum og seinmesolitikum, med hovudbruksfasar mellom ca. 7800 og 5200 f.Kr. Enkelte gjenstandsfunn og C14-resultat tyder også på bruk av området i neolitikum. På alle fire lokalitetar vart det i tillegg avdekkja kokegroper/eldstader frå eldre jernalder. Gjenstandsmateriale og prøvar frå utgravingane av lokalitetane er tilvekstført under C-nummer 62935–62938. Registreringsfunna er katalogisert under C61033–61036. Frå utgravingane av lokalitetane føreliggjer det til saman ca. 23.900 gjenstandar av flint og andre steinsortar. Eit omfattande prøvemateriale kommer i tillegg. Totalt føreliggjer det 57 radiologiske dateringar utført på trekol, brent hasselnøttskal og brente bein. Av disse faller 38 dateringar innanfor steinalderen. Lokaliteten Blåfjell 1 (ID222339) vart undersøkt i perioden 11. mai–21. august 2020. Lokaliteten låg i kupert og slakt skråna terreng, i ein nord-sørgåande dalgang. Her vart det påvist eit busetnad-/aktivitetsområde frå mellom- og seinmesolitikum fordelt på to avgrensa flater, 57–61 moh. Aktivitetsflatene kan karakteriserast som funnkonsentrasjonar med kokegroper. Den største flata (>36 m<sup>2</sup>) fanst på ein sentral terrasse og den andre (ca. 20 m<sup>2</sup>) på ei mindre kupert flate i sørvestleg ende av lokaliteten. I tillegg vart det påvist eit funnførande område i ytterkant av lokaliteten i nord. Det samla omfanget var omtrentleg 930 m<sup>2</sup>. Om lag 164 m<sup>2</sup> (17,61 %) av arealet vart flate-/rutegrave hovudsakleg i inntil to mekaniske lag (<0,2 m). Det vart samla inn 2275 steingjenstandar, inklusiv ni flintgjenstandar frå registreringa til Telemark FK. Totalt var 98,5 % av steingjenstandane av flint og elles av sandstein og ulike basaltar. Av gjenstandsfunna var 3,8 % identifisert som sekundært tilverka steingjenstandar. I tillegg vart det katalogisert 19 prøvar av trekol og eitt funn av hasselnøttskal. I alt har sju vitenskaplege material fått vedanatomiisk analyse og åtte er C14-analysert. Den mest omfattande aktiviteten er tidfesta ved hjelp av typologi/teknologi, to C14-dateringar og strandlinjedatering, til første halvdel av mellommesolitikum, ca. 7800–7200 f.Kr. Lokaliteten har truleg vore besøkt fleire gonger i tidsrommet når lokaliteten var strandbunden. Utover dette kunne C14-datering av ei kokegrop vise til mykje seinare besøk, ca. 6000–5700 f.Kr, i seinmesolitikum. I tillegg er ein eldstad C14-datert til folkevandringstid (415–545 e.Kr.). Lokaliteten hadde til dels gode bevaringstilhøve, men ei etterreformatorisk kolmîle hadde forstyrra ein sentral del av aktivitetsområde frå steinalder.



## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN FOR UNDERSØKELSEN OG ORGANISERINGEN AV LANGANGEN-LANNER-PROSJEKTET</b>	<b>E18 5</b>
<b>2</b>	<b>LANDSKAPET OG TIDLIGERE UNDERSØKELSER I OMRÅDET</b>	<b>8</b>
<b>3</b>	<b>BESØK OG FORMIDLING</b>	<b>11</b>
<b>4</b>	<b>BLÅFJELL 1 – BAKGRUNN OG PRAKTISK GJENNOMFØRING</b>	<b>13</b>
4.1	Bakgrunn for utgravinga	13
4.2	Plassering, topografi og jordsmonn	13
4.3	Lokal strandforskyvingskurve	16
4.4	Deltakarar og tidsrom	16
4.5	Problemstillingar og prioriteringar	17
4.6	Digital dokumentasjon	17
4.7	Kjeldekritiske problem	18
4.8	Utgravingsmetode og forlaup for utgravinga	20
4.8.1	Trinn 1	21
4.8.2	Trinn 2	24
4.8.3	Trinn 3	28
<b>5</b>	<b>UTGRAVINGSRESULTAT BLÅFJELL 1</b>	<b>29</b>
<b>5.1</b>	<b>Strukturar og kontekstar</b>	<b>29</b>
5.1.1	Kokegroper	32
5.1.2	Eldstader	34
5.1.3	Utvaskingslag A6154/A8381	36
5.1.4	Anna - Kolmile	39
<b>5.2</b>	<b>Gjenstandsfunn (C62935)</b>	<b>40</b>
5.2.1	Steinråstoff	41
5.2.2	Sekundærtilverka gjenstandar	42
5.2.3	Primærtilverka gjenstandar	46
<b>6</b>	<b>NATURVITSKAP OG DATERING</b>	<b>50</b>
<b>6.1</b>	<b>Vedanatomisk analyse</b>	<b>50</b>
<b>6.2</b>	<b>C14-datering</b>	<b>51</b>



<b>6.3</b>	<b>Typologisk og teknologisk datering</b>	<b>52</b>
<b>6.4</b>	<b>Strandlinjedatering</b>	<b>53</b>
<b>7</b>	<b>FUNNSPREIING OG AKTIVITETSFLATER</b>	<b>55</b>
<b>8</b>	<b>VURDERING AV UTGRAVINGSRESULTAT, TOLKING OG DISKUSJON</b>	<b>62</b>
<b>9</b>	<b>SAMANDRAG</b>	<b>65</b>
<b>10</b>	<b>LITTERATUR</b>	<b>66</b>
<b>11</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>73</b>
11.1	Strukturliste	73
11.2	Tilleggsfigurar	80
11.3	Tilleggskart	83
11.4	Tilveksttekst, C62935	84
11.5	Prøvemateriale	87
11.6	Fotoliste feltfoto, Cf53788	88
11.7	Fotoliste 3D, Cf53792	96
11.8	Fotoliste 3D, Cf54205	96
11.9	Analysar	97
11.10	Arkivert originaldokumentasjon	112

Framsidedfoto: Oversiktsfoto felt 1, mot sør. Langangen bru i bakgrunnen (Foto: Cf53788\_297).



# RAPPORT FRA ARKEOLOGISK UTGRAVNING

## SUNDSAASEN, 19/1, PORSGRUNN KOMMUNE, VESTFOLD OG TELEMARK FYLKE

---

### 1 BAKGRUNN FOR UNDERSØKELSEN OG ORGANISERINGEN AV *E18 LANGANGEN–LANNER-PROSJEKTET*

*Tekst av Gaute Reitan*

Utgravningen som omtales i denne rapporten, har sin bakgrunn i en reguleringsplan som legger til rette for bygging av ny firefelts motorvei gjennom Porsgrunn. Reguleringsplanen omfattet opprinnelig strekningen fra Langangen til Kjørholt samt ny Grenlandsbru over Frierfjorden, til sammen ca. 17,5 km i omkring 400 m bredde, men med utvidelser ved planlagte kryss, anleggsveier og massedeponier. Etter offentlig ettersyn høsten 2018 ble imidlertid den opprinnelige planen delt opp i tre delplaner. Den 3,2 km lange strekningen Langangen–Lanner utgjør en av disse tre. Denne delplanen omfatter blant annet bygging av bruer over Langangsfjorden og Sundsåsdalen samt tunnel gjennom Blåfjell.

Telemark fylkeskommune (TFK) gjennomførte en arkeologisk registrering i hele det opprinnelige planområdet i 2016–2017 (Eskeland 2017, se også nedenfor). I delområdet mellom Langangen og Lanner, som preges av skogkledte åser og bratte lier, ble den arkeologiske registreringen utført ved en kombinasjon av prøvestikking og overflateregistrering. Av de 864 prøvestikkene som ble gravd innenfor dette delområdet, var 173 (20 %) positive. Med det ble det identifisert 34 automatisk fredete kulturminner, alle i form av bosetnings- og aktivitetsområder fra steinalderen (Figur 2). Fem av disse var kjent fra tidligere. I tillegg ble det gjort løsfunn fra steinalderen på ytterligere fire steder. Disse stedene ble ikke fredet.


Av steinalderlokalitetene som ble identifisert ved TFKs registrering, ligger flere på Sundsåsen. Den endelige reguleringsplanen var i konflikt med seks lokaliteter:: id 222339, 222340, 222341, 222342, 223228 og 224202 (Solheim 2020). Lokaliteten id 223228 ved Kokersvold ble undersøkt sommeren 2021. For id 224202 ble det gitt dispensasjon fra Kulturminneloven uten vilkår om arkeologisk utgravning.





**Figur 1.** Undersøkellesområdet beliggenhet innerst i Langangsfjorden. Kartdata: Kartverket. Ill.: Nora S.K. Hansen/KHM, Cf53788\_382.

Utgravningen av id 222339 ble gjennomført sommeren 2020. De tre andre lokalitetene som ble gravd ut parallelt innenfor samme prosjekt, id 222340, 222341 og 222342 (Figur 6), er omtalt i egne rapporter (Tabell 1).



**Figur 2.** Kart over indre del av Langangsfjorden, med eksisterende E18. Stiplet strek viser planområdet for ny E18 Langangen–Lanner med tilhørende massedeponi ved Lønnebakke i øst. Avgrensning av registrerte, automatisk fredete kulturminner vises i rød/brun skravur (jf. Figur 5-Figur 6). Etter Solheim 2020.

Lok. navn	ID-nr.	Gård/bruk (gbnr.)	Moh.	Areal	C-nr.	Rapport
Blåfjell 1	222339	Sundsaaen (19/1)	58–60	~ 930 m <sup>2</sup>	C62935	-denne rapport-
Blåfjell 2	222340	Solhaug u. Sundsaaen (19/6)	54–56	~ 430 m <sup>2</sup>	C62936	Reitan 2022
Blåfjell 3	222341	Solhaug u. Sundsaaen (19/6)	49–57	~ 1450 m <sup>2</sup>	C62937	Reitan 2022
Blåfjell 4	222342	Solhaug u. Sundsaaen (19/6)	41–45	~ 1300 m <sup>2</sup>	C62938	Reitan og Øynebråten 2022

**Tabell 1.** Fire lokaliteter fra eldre steinalder ble undersøkt innenfor E18 Langangen–Lanner-prosjektet sommeren 2020. Alle fire lå på ulike høyder i samme skogklede dalgang på sørenden av Sundsaaen.

Utgravningsprosjektet har vært ledet av Steinar Solheim fra Arkeologisk seksjon ved KHM. Solheim har også utarbeidet prosjektplanen som beskriver problemstillinger og faglige prioriteringer for KHMs utgravninger av lokalitetene (Solheim 2020). Utgravningsleder Gaute Reitan hadde et overordnet ansvar for å koordinere og gjennomføre den daglige praktiske organiseringen og faglige gjennomføringen av utgravningsprosjektet i felt. Selve utgravningen av hver enkelt lokalitet har vært ledet av en utgravningsleder støttet av én til to assisterende utgravningsledere. I tillegg har et betydelig antall feltassistenter deltatt i utgravningene (Tabell 2).

En arkeolog med spesialkompetanse i GIS, Isak Roalkvam, har vært ansatt med ansvar for digital dokumentasjon samt utarbeiding av arbeidskart. Også Nora S. K. Hansen har bidratt med kartmateriale i etterarbeidet. Underveis i prosjektet har Kulturhistorisk museum hatt et godt samarbeid med tiltakshaver Nye Veier, som har stått for infrastruktur og gravemaskiner i forbindelse med utgravningene. Utgravningene fant sted i løpet av en 14 uker lang periode mellom mai og august 2020. Alle på prosjektet hadde et to uker langt ferieavbrekk i juli.

Navn	Stilling	Varighet
Gaute Reitan	Utgravningsleder m/overordnet ansvar	14 uker
Tina J. Granados	Utgravningsleder	9 uker
Isak Roalkvam	Utgravningsleder, GIS-ansvar	14 uker
Annette M. Strandli	Assisterende utgravningsleder	14 uker
Nora N. Øynebråten	Assisterende utgravningsleder, lokal HMS-kontakt	14 uker
Morten Vetrhus	Assisterende utgravningsleder	8 uker
Kjersti Væge	Feltassistent	12 uker
Marius Haugen	Feltassistent	10 uker
Anja Klingen	Feltassistent	10 uker
David Grimaldi	Feltassistent	8 uker
Live Forsetløyen	Feltassistent	8 uker
Nora S. K. Hansen	Feltassistent	7 uker
Kristine Søyland	Feltassistent	4 uker
Nicola Dahle	Feltassistent	4 uker
Anastasia Bertheussen	Feltassistent	3 uker

**Tabell 2.** Deltakere ved utgravningene av de fire lokalitetene sommeren 2020. KHM's prosjektleder Steinar Solheim var på befaring til lokalitetene ved fem anledninger. I tillegg bidro Steinar Kristensen og Magne Samdal fra KHM med fotodokumentasjon med drone, mens Kjell Ivar Haugen fra Eckholdt AS kjørte gravemaskin.

## 2 LANDSKAPET OG TIDLIGERE UNDERSØKELSER I OMRÅDET

*Tekst av Gaute Reitan*

Den aktuelle delplanen strekker seg fra eksisterende trafikkmaskin ved Hogsrødmyrane på østsiden av Langangsfjorden til Lannerheia på vestsiden av fjorden, totalt 3,2 km (Figur 2). Det berørte området er kupert, med den nord-sør-gående Sundsåsen som et sentralt landskapselement, og med de parallelt orienterte Sundsåsdalen og Langangsfjorden henholdsvis vest og øst for denne. Forbi denne delen av Sundsåsen danner Langangsfjorden et ca. 1 kilometer langt og svært smalt (ca. 25–40 m) sund før den vider seg noe ut helt innerst i nord, hvor fjorden danner pollen Ønna (Figur 1, 2 og 6).

Tiltaksområdet består i all hovedsak av utmark med plantet skog eller naturlig blandingsskog. Selve Sundsåsen preges av svært bratte lier på begge sider.

På sørenden av Sundsåsen ligger en topp som heter Blåfjell, ca. 91 moh.<sup>1</sup>. Øst for denne toppen løper en smal dalgang. Dalgangen faller via enkelte mer eller mindre avgrensete terrasser, fra ca. 60 moh. i nord til ca. 40 moh. i sør. Lokalitetene *Blåfjell 1–4* lå på disse terrassene i ulike

<sup>1</sup> På enkelte kart er imidlertid Blåfjell plassert på sørenden av en parallell åsrygg nord for Kokkersvold, vest for Sundsåsdalen.




høyder, og med Blåfjell 4 som den lavestliggende og yngste av disse (Figur 5-Figur 6). Da lokalitetene var i bruk, utgjorde denne sørlige delen av Sundsåsen en øy i Langangsfjorden (se Figur 37 nedenfor, jf. Sørensen og Henningsmoen mfl. 2014).

Områdene omkring Langangsfjorden utmerker seg med et betydelig antall gjenstander fra ulike deler av steinalderen (Mikkelsen 1989:35-37, 58-61). Disse gjenstandene, primært økser og andre storredskaper, er i all hovedsak løsfunn plukket opp ved pløying, grøftegraving og andre former for jordarbeid. Det er derfor ukjent hva slags kontekst gjenstandene opprinnelig har inngått i.

I 1920- og 1930-årene ble det oppdaget flere steinalderboplasser langs kysten av Telemark, og enkelte av dem ble fagmessig undersøkt midt på 1900-tallet. Sentrale blant disse er særlig Erik Hinsch' utgravninger på Sluppan ved Kragerø (Müller og Ingstad 1965) og Anne Stine Ingstads utgravninger på Rognlia ved Langangsfjorden (Ingstad 1970), begge boplasser fra yngre steinalder (se også f.eks. Bjørn 1932; Marstrander 1946; Skjelsvik 1961). Sammenlignet med andre regioner var imidlertid den arkeologiske utgravningsaktiviteten lenge lav langs Telemarkskysten (Glørstad 2006).

Dette har nå snudd, og flere omfattende arkeologiske utgravningsprosjekter har de siste 15 årene blitt gjennomført i Søndre Vestfold og Grenland, primært i forbindelse med store utbygginger av infrastruktur gjennom området (Jaksland 2012a, b; Solheim og Damlien 2013; Jaksland og Persson 2014; Melvold og Persson 2014; Reitan og Persson 2014; Solheim 2017). Det kupert terrenget og den kontinuerlige landhevingen siden istiden gjør at mange av de strandbundne steinalderlokalitetene i området er enfaset og lite forstyrret av seinere aktiviteter. I tid spenner de utgravde lokalitetene over hele eldre steinalder til og med overgangen til yngre steinalder, ca. 9300–3500 f.Kr. Dataene fra disse omfattende utgravningsprosjektene egner seg derfor godt til å belyse de lange utviklingslinjene gjennom perioden, og har dessuten en betydelig overføringsverdi til andre regioner i landsdelen. Mye av kunnskapen vi har om Sørøstlandets steinalder, bygger på data fra nettopp disse utgravningene i Søndre Vestfold og Grenland.

Av særlig relevans for Blåfjell-lokalitetene er utgravningene av en rekke lokaliteter langs den indre delen av Langangsfjorden i 2010–2012, som ble utført i forbindelse med bygging av ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn (Melvold og Persson 2014; Reitan og Persson 2014) (Figur 3). Majoriteten av disse tidligere undersøkte lokalitetene er datert til slutten av mesolitikum og begynnelsen av neolitikum (innenfor ca. 6500–3500 f.Kr.) og dermed noe yngre enn Blåfjell-lokalitetene. Blåfjell 4 (id 222342) faller imidlertid innenfor dette tidsrommet.



**Figur 3.** Lokaliteter undersøkt innenfor Vestfoldbaneprosjektet i 2010–2012 (jf. Melvold og Persson 2014; Reitan og Persson 2014). Blåfjell-lokalitetene er markert med den svarte firkanten sentralt på kartet. Bearbeidet etter Melvold 2014:Fig. 1.1.

### 3 BESØK OG FORMIDLING


*Tekst av Gaute Reitan*

I KHMs egne strategi- og målsettingsdokumenter regnes formidling og tilbakeføring av kunnskap til lokalmiljøet blant institusjonens kjerneoppgaver, ved siden av forskning og forvaltning. Det er derfor relativt vanlig å invitere skoleklasser, historielag og lokalbefolkning på besøk til arkeologiske utgravninger. Av smittevernhensyn kunne imidlertid ikke slike publikumsrettete tiltak gjennomføres sommeren 2020. Formidling ved utgravningsprosjektet ble derfor konsentrert til innlegg med korte tekster sammen med bilder og videosnutter på Facebook-siden «Steinalder langs E18». Denne siden har om lag 1800 følgere. Det har blitt publisert om lag 40 oppdateringer på denne siden i løpet av de 14 ukene i feltsesongen. Underveis i etterarbeidet har oppdateringene vært noe mer sporadiske. Innleggene har presentert øyeblikksbilder, gjenstandsfunn eller framdrift og foreløpige resultater. Innleggene har hatt en rekkevidde på inntil ca. 3000 personer og blitt delt opptil åtte ganger. I tillegg er det blitt publisert fire litt lengre, illustrerte tekster på nettsiden *Norark* (norark.no) (tab. 3).

Oppstarten på utgravningsprosjektet ble videre omtalt i en sak på nyeveier.no. Ellers ble utgravningene omtalt i lokalavisen *Varden* ved to anledninger: over en dobbeltside 5. juni («Litt overrasket allerede», om funnfrekvensen i innledningen) og en dobbeltside 8. august («Ingen får besøke arkeologene i Langangen», om korona, smitteverntiltak og alternative formidlingsmåter). I tillegg hadde vi to organiserte omvisninger: én for arkeologer fra Vestfold og Telemark fylkeskommune (17. juni), deriblant flere som hadde deltatt ved registreringene for den nye E18, og én for en gruppe fra Nye Veiers prosjektkontor (26. august).

Dato	Tittel	Tema	Forfatter(-e)
7. juni	E18 Langangen–Lanner	Prosjektets bakgrunn og målsettinger	Reitan
12. juni	Trinn for trinn i Langangen	Utgravningsmetodikk	Reitan/Granados
10. aug.	Mellom berg og under ei kolmile: Blåfjell 1	Foreløpige resultater fra Blåfjell 1	Granados/Reitan
24. aug.	2000 år på 200 meter	Tidsdybde, arbeidshypoteser, forskningspotensial	Solheim/Roalkvam/Reitan


**Tabell 3.** *Norark*-innlegg om prosjektet gjennom feltsesongen 2020.



**Figur 4.** T.v.: Feltassistent David Grimaldi viser fram et flintbor fra Blåfjell 3 mens journalist Pål Egil Tornholm fra lokalavisen *Varden* fotograferer. T.h.: Arkeologer fra Vestfold og Telemark fylkeskommune får omvisning, her på Blåfjell 2, med Blåfjell 4 nedenfor i bakgrunnen. Foto: G. Reitan/KHM.



**Figur 5.** Undersøkesområdet nedenfor Blåfjell lengst sør på Sundsåsen. Blåfjell 4 ligger nederst og nærmest eksisterende Langangsbu. Mot sør. Dronefoto: S. Kristensen/KHM.



**Figur 6.** De fire utgravde Blåfjell-lokalitetene. Ill.: I. Roalkvam/KHM, Cf53788\_383.

## 4 BLÅFJELL 1 – BAKGRUNN OG PRAKTISK GJENNOMFØRING

### 4.1 BAKGRUNN FOR UTGRAVINGA

I samband med registreringa til Telemark fylkeskommune, vart ID 222339 Blåfjell 1 påvist som ei funnførande flate (57–61 moh.) i ein smal dalgang (Eskeland 2017). Området var gammalt kulturlandskap og flata kan ha vore del av beitemark. Sentralt på lokaliteten var ei stor kolmile (ID 224149) med dobbel voll, ca. 15,5 m i ytre diameter. Eit gammalt vegfar gjekk tvers over mila, frå sør mot nord men òg i retning vest oppover i terrenget. Flata vart undersøkt ved i alt 16 prøvestikk der fire positive prøvestikk gav funn av ni flintgjenstandar (flekke med retusj, ryggflekke, avslag m.m.). Dei positive prøvestikka var jamt spreidde over heile flata, noko som kunne indikere fleire funnkonsentrasjonar. Kolmila har forstyrra flata noko, men funn under mila tyda på at den var lagt på markoverflata og ikkje hadde forstyrra funnførande lag frå steinalderen i særleg grad. Funna låg mellom 15 og 55 cm under markoverflata. Jordmassane på lokalitetsflata bestod i hovudsak av sand- og grusblanda brunjord. Lokaliteten vart estimert til å ha eit samla areal på ca. 930 m<sup>2</sup>. I vest og aust var lokaliteten avgrensa topografisk av bergrygg/stigande terreng, og i nord og sør av negative prøvestikk.

### 4.2 PLASSERING, TOPOGRAFI OG JORDSMONN

Dei fire undersøkte lokalitetane fanst lokalisert i ein søraustvendt hellande dalgang, og Blåfjell 1 var den høgstliggande av desse. Saman med ID 222341 Blåfjell 3, var Blåfjell 1 smalt omslutta av mindre åsryggar, lier og av fleire bergkollar. I midtre og sørøst del av dalgangen var topografien meir open, med ei stigning i terrenget opp mot ei lita berghylle i sørvest, der ID 222340 Blåfjell 2 var lokalisert. Lengst sør opna landskapet seg i ein større nordaust–sørvest orientert terrasse som omfatta ID 222342 Blåfjell 4.

Omliggande landskap kan karakteriserast som eit fjord- og skjergardslandskap, med låge og bratte åsar, gjerne med U-dalar i mellom (Puschmann 2005). Berggrunnen i området er Larvikitt og lausmassedekket består av marine sediment overlagra av forvittrings- og rasmassar frå omliggande berggrunn (Persson 2014). Vegetasjonen er blandingsskog med hovudvekt på planta granskog og hassel. Dalgangen var tettvaksen av granskog før undersøkinga tok til.

Blåfjell 1 var lokalisert i skogledd utmark i ein nord-sørgåande dalgang (Figur 7). Lokalitetsflata (<930 m<sup>2</sup>) var smalt omslutta av mindre åsryggar, lier og av fleire bergkollar (Figur 8). Terrenget var kupert, slakt skråna med helling mot sør og søraust, og elles prega av bergknattar. Langs dei bratte dalsidene og omkring bergkollar fanst vifteforma rasmassar. Mindre bergkuler og store fallblokker fanst spreidd i området og fleire slike som fullstendig eroderte grusbankar.



**Figur 7.** Plasseringa av lokaliteten i dagens landskap sett mot nord, med Askeladden lokalitetsgrense omtrentleg stipla inn. Pollen Ønna er synleg 550 meter i luftlinje bakanfor. Foto: Steinar Kristensen/KHM.

Som følge av topografi og terrengtilhøve kan lokalitetsflata delast inn i to delar: nordleg og sentrale del, og sørvestleg del. Nordleg og sentrale del dannar ein lang, smal passasje som munnar ut i ein terrasse der kolmila er plassert. I denne passasjen går det eit vegfar frå sør mot nord. Denne delen er tydeleg avgrensa av dalsida i aust og av ein bergkulle i vest, samt av terrassen som dannar eit sentralt platå i terrenget. På terrassen går ein avstikkar av vegen oppover i retning vest. Nordleg og sentrale del av lokaliteten spenner mellom 59–61 moh. Frå terrassen skråar terrenget nedover i retning sør, mot ei skråna og kupert flate mot sørvest inntil dalsida i vest. Denne flata utgjer sørvestleg del av lokaliteten. Denne delen strekker seg mellom 57–58 moh. I søre ende av denne flata skråar terrenget på nytt i retning søraust og lokaliteten grensar her til Blåfjell 3 (ID 222341). Her er lokaliteten på sitt vidaste. Dei to lokalitetane er avgrensa og avskilte ved negative prøvestikk.




**Figur 8.** Oversiktfoto Blåfjell 1 etter avtorving. Øvst: nordleg og sentrale deler av lokalitetsflata, sett mot nordvest. Vegfareet går over mila, på langs frå S mot N, og på tvers i retning V oppover i terrenget. Nedst: sentrale og sørvestleg deler av lokalitetsflata, sett mot sørvest. Kolmila er sentral på begge foto, og såldestasjonen markerer søre grense for lokaliteten. Foto: Cf53788\_008, 010.

Øvre del av lausmassedekket hadde svært lokale variasjonar. På nordre del av lokaliteten fanst eit gråleg silthaldig utvaskingssjikt under torva – eit sokalla E-sjikt – som gjerne er meir vanleg i podsol (Skøien 2003). Elles fanst brunjordprofilar under torva, synleg som eit brunt grus-, sand- og steinhaldig anrikningsslag, og under dette att, lyst og gråbrunt sand-/silthaldig undergrunnslag. Nedre del av lausmassedekket bestod elles av kompakt grov grus frå den forvittra berggrunnen (Larvikitt). Langs ytterkantane av lokaliteten fanst rasmassar i form av eit gruslag liggande direkte over erodert berggrunn og over gamal markoverflate, truleg frå eldre tider. Ytre del av terrassen hadde blanda stratigrafi som følgje av akkumulert voll og grøfting frå kolmile-aktiviteten. Denne vollen/grøfta omkransa mila og var svært tydeleg (jf. Figur 25). Djupne på lausmassedekket varierte og var på sitt djupaste >80 cm. Lausmassedekket syntest djupast på den sentrale delen av lokaliteten. For meir informasjon om jordsmonn og stratigrafi, sjå avsnitt om trinn 1 nedanfor.

### 4.3 LOKAL STRANDFORSKYVINGSKURVE

Generelt viser strandlinjedateringar samanstilt med C14-dateringar at dei utgravne lokalitetane frå mesolitikum langs Oslofjorden, i stor grad har vore strandbundne (t.d. Jaksland 2014; Solheim 2020a). Plasseringa som Blåfjell 1 har i landskapet gir haldepunkt for at lokaliteten kan ha vore tilknytta strand i si samtid. Det er gjennomført fleire arbeid med å rekonstruere strandforskyvinga langs kysten av søre Vestfold og av Telemark (jf. Henningsmoen 1979; Stabell 1980; Persson 2008; Sørensen og Henningsmoen mfl. 2014; Sørensen og Høeg mfl. 2014; Sørensen og Henningsmoen mfl. *In Press*). I samband med prosjektet E18-Brunlanes og Vestfoldbaneprosjektet, vart strandforskyvingskurva til Henningsmoen (1979) revidert av Sørensen og Henningsmoen mfl. (2014). Denne kurva representerer den lokale kurva for strandforskyving i området undersøkt i samband med prosjektet E18 Langangen–Lanner (Figur 9). Merk at kurva ved 100 meter-nivået har usikkerheit på  $\pm 150$  år og som gir utslag ved at kurva er teikna som eit belte (Sørensen og Henningsmoen mfl. 2014::44). For strandlinjedatering av Blåfjell 1, sjå avsnitt lengre ned i rapporten.



**Figur 9.** Strandforskyvingskurve for søre Vestfold og søraustre Telemark, gjennom Holocene (Sørensen og Henningsmoen mfl. 2014:Figur 2.2.11b). Blå markering (56 moh.) og raud markering (58 moh.) indikerer strandlinjedateringa for Blåfjell 1. Grå markeringar viser C14-dateringar til mellom- og seinmesolitikum frå Blåfjell 1.

### 4.4 DELTAKARAR OG TIDSROM

Utgravinga på Blåfjell 1 vart gjennomført over ein periode på 11 veker, med feltoppstart 11. mai og feltavslutting 21. august 2020. Heile prosjektet hadde ferie i veke 29 og 30 (13.–24. juli), og det var opphald i undersøkinga i veke 31 og 32 før gjennomføring av trinn 3. I alt 222,75 dagsverk vart nytta til utgravinga, derav 10 dagsverk nytta med gravemaskin



**Tabell 4.** Oversikt feltmannskap, bruk av dronefotografering og gravemaskin. Til saman er 222,75 dagsverk nytta til utgraving av Blåfjell 1. Prosjektleiari Steinar Solheim var på synfaring ved tre høve.

Namn	Stilling	Periode
Gaute Reitan	Utgravingsleiar	11.mai–21. august
Tina J. Granados	Utgravingsleiar	11. mai–10.juli
Isak Roalkvam	Utgravingsleiar GIS	11.mai–21. august
Morten Vetrhus	Ass. Utgravingsleiar	19. mai–10. juli
Annette Marie Strandli	Ass. Utgravingsleiar	11.mai–21. august
Nora N. Øynebråten	Ass. utgravingsleiar/ HMS-kontakt	11.mai–21. august
Nora S. K. Hansen	Feltassistent	25. mai–3. juli
Kristine Søyland	Feltassistent	25. mai–18. juni
Anja Kligen	Feltassistent	2. juni–21. august
Marius Haugen	Feltassistent	2. juni–21. august
Anastasia Bertheussen	Feltassistent	22. juni–10. juli
David Grimaldi	Feltassistent	22. juni–21. august
Live Forsetløyken	Feltassistent	22. juni–21. august
<b>Sum</b>		<b>211,75 dagsverk</b>
Steinar Kristensen og Magne Samdal	GIS/ dronefotografering	19 mai og 12. august
Kjell Ivar Haugen/Eckholdt AS	Gravemaskinførar	12. mai–21. august
<b>Sum</b>		<b>11 dagsverk</b>

#### 4.5 PROBLEMSTILLINGAR OG PRIORITERINGAR

Hovudmålsettinga for undersøkinga var å studere endring i busetnad i eit definert og avgrensa landskapsrom, innanfor ein tidshorisont på ca. 1500–2000 år i mellom- og seinmesolitikum (Solheim 2020b). Prosjektet arbeida ut frå ein hypotese om at det i løpet av mellommesolitikum og fram mot seinmesolitikum, førekom ei endring mot meir stabile busetnadssystem spesifikt knytt til ressursrike marine landskap. Prosjektet tok sikte på å svare på følgjande spørsmål:

- Kan me sjå samanhengande og kontinuerleg bruk av Sundsåsen gjennom det definerte tidsintervallet, eller er det brot i busetnaden?
- Vart lokalitetar nytta over lengre tid eller gjentekne gonger?
- Kan me påvise og tidfeste fleire bruksfasar og ulike typar aktivitet a) internt på buplassen og b) mellom buplassar ved bruk av metodar som C14-datering, teknologiske analysar og råstoffstudiar?
- Var fjordar som Langangsfjorden spesielt attraktive område for busetnad? Og kan dette undersøkast gjennom aktiv leiting etter organisk materiale.

#### 4.6 DIGITAL DOKUMENTASJON

Digital innmåling i felt vart i hovudsak utført av utgravingsleiar/GIS. Innmålinga har fungert optimalt og det har ikkje vore registrert tekniske problem ved det digitale utstyret. Isak Roalkvam hadde hovudansvaret for GIS og digital dokumentasjon ved E18 Langangen–Lanner-prosjektet i 2020. I tillegg har Nora S. K. Hansen hatt hovudansvar for kartproduksjon i etterarbeidsfasen.

Det vart nytta GPS av typen Trimble R6 CPOS GNSS antenner, og totalstasjon av typen Trimble S3. Begge einingar er nytta med tilhøyrande målebok Trimble TSC3. Det vart gjennomført omfattande hogst på lokalitetane i forkant av undersøkinga. Dette gav god dekning for GPS og det

vart operert med nøyaktighet på under 1 cm i plan og under 2 cm i høgda. Dokumentasjonssystemet Intrasis (Version 3.1.2) vart nytta til handsaming av innmålte objekt i felt. Dataflyten frå GPS til Intrasis-programvaren skjer ved at målepunkter lagrast som Trimble RAW-filer på måleboka, Trimble TSC3. Her vert dei konvertert til Intrasis-format før eksport inn i respektive Intrasis prosjekt-base på berbar PC. Eksport skjer via USB-pinne frå målebok til PC. Til vidare datahandsaming, analyse og publisering av GIS-data vart det nytta ESRI's ArcGIS Pro 2.4.2. Alle kartdata er satt i koordinatsystem ETRS89/UTM32n, og lagra i ESRI geodatabase-format ved avlevering til Dokumentasjonsseksjonen ved Kulturhistorisk museum (DigDok). I tillegg vert det respektive Intrasis-prosjektet avlevert til same eining for lagring og eventuell distribusjon.

Under utgravinga på Blåfjell 1 vart det målt inn i alt elleve strukturar og eitt lag. Av desse vart fem strukturar avskrivne (jf. kapittel 4.7). I tillegg vart flateavdekkka område, profilar, prøvar, steinar, markerte endringar i undergrunnen og moderne forstyrringar målt inn. Påviste strukturar vart målt inn og nummerert fortlaufande. Dokumentasjonen av innmålte strukturar og lag (inkludert avskrivne strukturar) vart utført på iPad ved utfylling av kontekstskjema i programmet Filemaker Pro. I tillegg vart alle prøvar, funn, snitt/profilar og foto listeført i iPad. Teikningar vart utført på teikneark. Alle påviste strukturar vart fotografert i plan og profil. For fotodokumentasjon vart det nytta kamera av typen Canon PowerShot SX430 IS og Olympus Stylus TG-4. Olympus Stylus TG-4 har i tillegg fungert som kamera for stangfoto og fotogrammetri. Dronefotografering vart utført to gongar i 2020 (19.05.2020 og 12.08.2020) undervegs i utgravinga. Dronen vart ført av Steinar Kristensen og Magne Samdal. KHM har operatørlisens 00132, Luftfartstilsynet, og museets droneoperatørar er sertifisert i klassen RO2. Dronen som vart nytta var av typen DJI Inspire 1.

**Tabell 5.** Informasjon om lokalitet, foto og gjenstandsfunn.

Lokalitet	Askeladden ID	Cnr.	Cfnr.	Kommentar
Blåfjell 1	222339	C62935	Cf53788	Utgraving (foto, teikningar og kart)
			Cf53793	Drone
			Cf53792	3D (modell profil, felt 1)
			Cf54205	3D (modell plan, oversikt felt 1)

### Katalogisering

Gjenstandar og prøvar samla inn frå den arkeologiske undersøkinga av Blåfjell 1 er katalogisert i Gjenstandsbasen på museumnr. C62935. Katalogiseringa av steingjenstandar er gjennomført ved å bruke KHM sin katalogiseringsmal (Matsumoto 2006; Damlien og Berg-Hansen mfl. 2017), samt Helskog og Indrelid mfl. (1976) som katalogiseringsverktøy. Gjenstandsfunn frå registreringsundersøkinga til Telemark FK er katalogisert for seg under C61033/1–5, og er ikkje innlemma i tabellane og prosentutrekningane i denne rapporten.

### 4.7 KJELDEKRITISKE PROBLEM

Samanlagt har erosjonsprosessar og menneskeleg aktivitet frå nyleg tid, forårsaka kjeldeproblematiske utfordringar for den arkeologiske undersøkinga på Blåfjell 1.

Den lokale berggrunnen i undersøkingområdet bestod av Larvikitt og var tydeleg utsatt for erosjon. Over tid har erosjon av åssidene danna vifteforma avsetningar av nedrast grus og stein

langs dalsidene og som delvis har overlagra kulturspor frå eldre steinalder. Sidan denne situasjonen gav følgjer for både metodisk framgangsmåte og framdrift (jf. kapittel 4.8 nedanfor), er slike overlagringsprosessar verdt å merke seg i liknande landskap ved framtidige arkeologiske undersøkingar.

Utover ovannemnde bærer lokaliteten preg av seinare menneskeleg aktivitet som har forstyrra funnførande areal på lokaliteten. Dette vart observert ved ei kolmile (jf. kapittel 5.1.3), moderne grøft i vestre kant av passasjen og eit vegfar som går gjennom lokaliteten.

Det eksisterer fleire døme på kolmiler lokalisert på steinalderlokalitetar i Porsgrunn (jf. Nyland og Amundsen 2012; Koxvold 2013). Sidan slike miler gjerne er lagt rett på bakken trenger dette ikkje representere eit kjeldekritisk problem. På Blåfjell 1 vart det konstantert at det fanst eit relativt intakt funnførande stratigrafisk sjikt under kolmila, og som inneheldt større funnfrekvens av steingjenstandar enn «kolmilelaga» (jf. kapittel 4.8). På bakgrunn av dette vart det øvste kolmilelaget og det grusholdige erosjonslaget under dette, fjerna maskinelt for å kunne fokusere rutegravinga på det funnførande sjiktet under kolmila. Denne prioriteringa medførte at ein del av gjenstandsmaterialet som fantes i kolmilelaga, vart grave bort og nedprioritert. Det vart vidare konstantert at grøfta/vollen som inngår i konstruksjonen til kolmila, har forstyrra steinalderlokaliteten slik denne låg langsmed utkanten av ei aktivitetsflate (felt 1).

Ytterlegare forstyrningar av steinalderlokaliteten fanst i området mellom felt 1 og 12 meter langsmed passasjen/vegfare i nordleg retning (Figur 11). Her fanst ei avlang grøft med djupne på 0,75 m og eit vegfar. Stratigrafien i dette området var omrota og det vart funnet få steingjenstandar. Dette kan ha samband med kolmile-aktiviteten eller kanskje òg vedlikehald av vegfare. Ein må anta at ein funnførande del av lokaliteten er øydelagt i denne passasjen, dvs. i nordre del av felt 1.

Sidan kolmila bestod av eit trekolmetta svart lag som ved oppstart av undersøkinga dekkja heile terrassen, medfører det at trekol frå dette laget – som ein konsekvens av vårt arbeid på staden og skiftande vør og vind – har spreidd seg, dryssa ned og har avsett seg som del av dei utgravne mekaniske laga undervegs i utgravingsarbeidet. I felt var det difor viktig å vera medvitne om dette ved uttak av vitskapleg materiale. Denne situasjonen kunne kome til å representere ei feilkjelde ved kontaminering av analyseresultat. Me valde difor å vera kritisk til inntak av trekol og forkulla hasselnøttskal ved rutegravinga.

I alt er fem strukturar avskrivne med forklaring i naturprosessar samt aktivitet relatert til kolmila (Figur 15). Avskrivne strukturar vart alle påvist ved trinn 2 og er avskrivne i felt.

**Tabell 6.** Avskrivne strukturar frå Blåfjell 1, i alt fem strukturar.

ID	Status avskrivning
A6298	Naturleg samling stein, sota av kolmila
A6316	Steinar i grøft/voll til kolmila
A8314	Forvittra stein
A8322	Steinoppтреkk, kolhaldig fyllmasse frå kolmila
A8330	Moderne grop/aktivitet kolmila, eventuelt prøvestikk frå fylket.

Det vart samla inn nokre få gjenstandsfunn frå lokaliteten som samla viser til aktivitet frå tidleg nytid/moderne tid på staden. Dette er to Eidsborgbryne, ein rusta kjetting og del av ein øydelagt hestesko (F8682). Av dette er berre Eidsborgbryne katalogisert.



**Figur 10.** Avskrivne strukturar frå Blåfjell 1: plan- og profilfoto av A8322; planfoto av A6298; plan- og profilfoto av A8314; planfoto av A6316 og profilfoto av A8330. Foto: Cf53788\_100, 105, 131, 133, 138, 158–159.

#### 4.8 UTGRAVINGSMETODE OG FORLAUP FOR UTGRAVINGA

Undersøkinga vart gjennomført på vanleg måte, i tre trinn (jf. Glørstad 2006; Damlien og Melvold mfl. 2010:63; Melvold og Reitan mfl. 2014:63; Solheim 2021). *Trinn 1* omfattar innleiande maskinell avtorving ved bruk av gravemaskin og graving av prøvekvadrantar kvar fjerde meter på lokaliteten. *Trinn 2* vart gjennomført ved systematisk manuell utgraving ved hjelp av konvensjonelle metodar i ruter og lag (rute-/flategraving) på valte område. Rutegravinga er tilsikta kontrollert avdekking av større samanhengande flater. *Trinn 3* er ei avsluttande maskinell flateavdekking ved bruk av gravemaskin for å avdekke eventuelle djuptliggande strukturar. Døme på slike aktivitetsspor kan vera kolhorisontar frå eldstader vaska ned mot undergrunnen, eller meir intakte nedgravingar som stolpehol og kokegroper som fyrst kan observerast på eit lågare nivå i jordmassane. Utover dette skulle det gravast ei sjakt vinkelrett frå lokalitet og ut i tentativ gamal strandsone for å leita etter trekol eller utkastlag innkapsla i sediment som følgje av bølgeaktivitet (Solheim 2020b).

**Tabell 7.** Metodisk arbeidsflyt på Blåfjell 1, i kalenderveke 20–34 med unntak frå to veker fellesferie og to veker opphald før trinn 3.

Veke	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11
Oppstart/avtorving											
Trinn 1											
Avdekking kolmile, maskin											
Trinn 2											
Trinn 3/maskin											

Alle manuelt gravne massar vart sålda med 4 mm maskevidde. Påviste strukturar vart dokumentert i plan, snitta og dei fleste formgravne. Jord- og kolprøvar frå profilar tilsikta vedarfsfesting og

C14-datering vart samla inn. Massar frå strukturar vart sålda med 2 mm maskevidde for å kunne fange opp små beinfragment eller andre økofaktar.

Det vert vurdert at undersøkinga har resultert i ei svært god avgrensing og kartlegging av omfanget på-, og av ulike aktivitetsområde på lokaliteten, samt god kartlegging av moderne forstyrningar. Det er påvist ulike typar antropogene strukturar frå to aktivitetsområde, og det er samla inn ei representativ mengde gjenstandsfunn og prøvar.


**Tabell 8.** Avdekka areal og tal på undersøkte strukturar og gjenstandsfunn frå Blåfjell 1 (ekskl. steingjenstandar samla inn ved registreringa til Telemark FK, i alt ni gjenstandar).

Status undersøking	Resultat Blåfjell 1
Samla areal	930 m <sup>2</sup> (100 %)
Areal, avtorva (trinn 1)	643 m <sup>2</sup> (69 %)
Areal, fjerne kolmile maskin	<100 m <sup>2</sup> (<11 %)
Manuell utgraving (trinn 1 og 2)	163,75 m <sup>2</sup> ( 17,61 %)
Areal, flateavdekka (trinn 3)	499 m <sup>2</sup> (54 %)
Strukturar/lag	7
Tal steingjenstandar	2266
Tal vitskaplege prøvar	20

#### 4.8.1 TRINN 1

Gjennomføringa av trinn 1 fungerte som ei kartlegging av overordna trekk ved lokaliteten, samt kartlegging av horisontal og vertikal funnspreiing og stratigrafi. Dette danna grunnlaget for den vidare undersøkinga. Trinn 1 vart innleia ved maskinell avtorving av lokaliteten (643 m<sup>2</sup>). Samtidig med avtorvinga vart det fjerna eit overliggande gruslag/rasvifte i nordleg del av passasjen, inntil bergkollen i vest. Deretter vart det grave prøvekvadrantar (50 x 50 cm) om lag kvar fjerde meter innanfor det avtorva arealet av lokaliteten. Prøvekvadrantane vart gravne med vertikal kontroll i form av mekaniske lag på 10 cm djupne, hovudsakleg i inntil fire mekaniske lag, men på det meste i inntil sju lag (<70 cm djupne). I alt vart det grave 51 prøvekvadrantar (12,75 m<sup>2</sup>) (Figur 11). Det vart samla inn totalt 102 funn av steingjenstandar frå 21 funnførande prøvekvadrantar: 101 av flint og 1 av bergkrystall. I snitt svarar dette til 4,8 gjenstandsfunn per prøvekvadrant. Hovuddelen vart funne på 10–30 cm djupne og sjeldan djupare, men det hendte at det fantes funn ned til og med 50 cm djupne.

Hovudresultata frå trinn 1 var påvising av to funnførande område: på den sentrale terrassen under kolmila (felt 1), og på ei lita skråna flate i sørvest, tett inntil bergsida (felt 2). Utover dette vart det påvist enkelte spreidde funn av steingjenstandar. Langs søre kant av lokaliteten har funnspreiinga god avgrensing ved fleire funntomme prøvekvadrantar. Dette i tillegg til topografisk avgrensing ved store fallblokker og terrenget som knekker av i retning sør. I tillegg er avgrensinga i sør (mot Blåfjell 3, ID 222341) understøtta av negative prøvestikk gravne av Telemark FK. Langs nordre kant av lokaliteten vart det påvist funn av steingjenstandar langs ytre grense av sikringssona. Omfanget av det funnførande området vidare utanfor sikringssona til lokaliteten i nord, er ikkje avklart som del av den arkeologiske undersøkinga. Likevel, sidan Telemark FK har kartlagt dette området ved negative prøvestikk, og sidan dalgangen vert smalare i retning nord, kan dette samanlagt vise at den definerte lokalitetsgrensa frå registreringa, er ei reell avgrensing av lokaliteten.



**Figur 11.** Plankart som viser lokaltopografi, moderne forstyringer, utgravingsfelt med utgravne lag, samt omfanget på undersøkinga av Blåfjell 1. Sikringssona til lokaliteten er ikkje inkludert på kartet.  
Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_384.



**Figur 12.** Ortofoto av Blåfjell 1 etter trinn 2. Basert på fotogrammetri av dronefoto. Fotogrammetri: Isak Roalkvam, Cf53788\_381.

På den sentrale terrassen (felt 1) vart det påvist eit funnførande gråleg utvaskingslag (A6154/A8381) bevart under kolmila (jf. Trinn 2 nedanfor, samt avsnitt 5.1.3). Laget syntes å vera avgrensa til eit mindre areal innanfor terrassen, og det fanst ei tydeleg auking av steingjenstandar i relasjon til funndjupna til dette laget. Erosjonsgrus frå åssider fanst over utvaskingslaget, og skilte dette laget frå lag relatert til kolmila ovanfor. Det syntes som at utvaskingslaget i liten eller ingen grad var påverka av aktiviteten i samband med mila. Dette fremma ein hypotese om at det grålege utvaskingslaget kunne vera eldre markoverflate med gjenstandsfunn i opphavleg leie.

Området mellom terrassen og sikringssona i nord, danna ein smal passasje mellom to dalsider. Vegfaret kryssa på langs over lokaliteten og gjennom denne passasjen. Her var òg ei grøft langs vestre kant. Av sju prøvekvadrantar gravne i passasjen, var berre to funnførande (830x942ySØ og 823x937yNV) med totalt to funn av steingjenstandar, begge frå øvste 20 cm av lausmassedekket. På bakgrunn av profiler i gravne prøvekvadrantar var det tydeleg at lausmassane under vegfaret i passasjen, var svært omrota og det fanst ingen tydeleg naturstratigrafi. Området mellom nordre grense av terrassen og vidare om lag 12 meter i nordleg retning, er difor forstyrta. Ein må anta at ein funnførande del av lokaliteten er øydelagt i denne passasjen. Dette gir følgjer for tolking av omfanget av funnkonsentrasjonen på terrassen.

I tillegg kunne trinn 1 vise at den lokale berggrunnen (Larvikitt) er tydeleg utsatt for erosjon. Dette har mellom anna medverka til at berggrunnen omkring terrassen har djupforvitra til tjukke gruslag. Her vart det påvist ingen eller få steingjenstandar. Det kan tenkast at terrassen, den gong lokaliteten var nytta, var omkransa av berg som i dag er forvitra.

#### 4.8.2 TRINN 2

Trinn 2 vart gjennomført ved manuell utgraving i ruter og lag der ruter vart definert frå eit etablert koordinatsystem. Hovudregel var manuell utgraving i graveiningar satt til rutestørleik (1 x 1 m) grave i mekaniske lag (10 cm tjukkeleik). Rutegraving vart prioritert for område med størst funntettleik. Slike område gir gode indikasjonar på bustad-/busetnadsflater på steinalderlokalitetar. Rutegravinga vart supplert med graving av ytterlegare prøveruter (1 x 1 m) i utkantsoner av funnkonsentrasjonar.

Det vart prioritert å rutegrave to felt; eitt på terrassen (felt 1) og eitt på den skråna flata i sørvest (felt 2) (Figur 11). I tillegg skulle det gravast enkle spreidde prøveruter, eventuelt eit lite felt i nordre del av lokaliteten. Trinn 1 synte at steingjenstandar i all hovudsak fanst konsentrert omtrentleg mellom 10 og 30 cm djupne. Det skulle difor prioriterast å grave to mekaniske lag (lag 1 og lag 2, kvar med 10 cm tjukkeleik) på kvar av felta, for å sikre innsamling og dokumentasjon av eit representativt gjenstandsmateriale og antropogene strukturar, frå ulike område av lokaliteten.


Undervegs i undersøkinga gav ulikskapar i topografi, stratigrafi og aktiviteten relatert til kolmila, ulike lokale stratigrafiske tilhøve på lokaliteten. Slike tilhøve medførte at ein måtte nytte ulik nemning på utgravne mekaniske lag, frå ulike område av lokaliteten. Tabell 9 gir skjematisk oversikt over lagkontekstar og djupnerelasjonen mellom desse på lokaliteten. Denne situasjonen vert vidare forklart i detalj nedanfor.



**Tabell 9.** Korrelasjon av djupnenivå og gravne mekaniske lag på Blåfjell 1. Korrelasjonen er meir skjematisk enn faktisk. Nemning på lag er fylgt opp ved katalogisering av gjenstandsmaterialet i Gjenstandsbasen (C62935).

Nivå frå botn av torva	Lag, trinn 1 (heile lokalitet)	Lag, trinn 2, nordre område	Lag, trinn 2, felt 1	A6154/A8381 trinn 2, felt 1	Lag, trinn 2, felt 2
0–10 cm	lag 1	lag 1			
10–20 cm	lag 2	lag 2			lag 2/1
20–30 cm	lag 3		lag 2/1	lag 2/1, A6154	lag 2/2
30–40 cm	lag 4		lag 2/2	lag 2/2, A8381	
40–50 cm	lag 5		lag 2/3		
50–60 cm	lag 6				
60–70 cm	lag 7				

På felt 1 var det påvist eit funnførande utvaskingslag (A6154/A8381) tolka som mogleg eldre markoverflate (sjå avsnitt 5.1.3). Laga over utvaskingslaget kunne relaterast til trekolproduksjon i mila, samt til erosjonsprosessar (Figur 13, Figur 45). Sidan den vitskaplege verdien ved innsamling av steingjenstandar frå dei overliggande laga vart vurdert som låg (truleg sterkt varmepåverka av mila), vart manuell utgraving av desse laga nedprioritert i den vidare undersøkinga. Påfølgjande vart det nytta ein 5 tonns gravemaskin til å avdekke utvaskingslaget (A6154/A8381) stratigrafisk i plan, ved å fjerne overliggande lag. Samstundes vart det etablert ein T-forma profilbenk tvers over breidde- og lengderetninga på terrassen som dokumentasjon på opphavleg lagfølge på terrassen (Figur 11). Sidan utvaskingslaget hadde varierende tjukkeleik og somme stader diffus utbreiing, var den maskinelle flateavdekkinga ein samansett prosess. Det stod i tillegg mange store trestubbar att på terrassen, frå hogsten, som omhyggeleg måtte fjernast ved handkraft. Til saman vart det flateavdekkta eit areal på om lag 100 m<sup>2</sup> på terrassen. Generelt vart det observert at lagpakken over utvaskingslaget var grunnast mot midten av kolmila (min. 2 cm tjukkeleik) og djupast langs ytterkant/voll – spesielt langs sørleg kant av kolmila (maks. 45 cm tjukkeleik). Ved trinn 2-undersøkinga vart det manuelt utgravne arealet på terrassen omtalt som felt 1.



**Figur 13.** Foto og profilteikning av prøvekvadrant 818x938y (V profil) på felt 1/sentralt i kolmila. Lag 1–3 er frå aktiviteten i mila (Lag 1: rest frå miledekket; 2 er rest frå mila, og lag 3 er varmpåverka lag under mila). Lag 4 er gruslag/erosjonslag og lag 5 er det funnførande utvaskingslaget (A6154/A8381). Lag 6 og 7 er anrikningslag og undergrunn. Foto: Cf53788\_014, 354.

Ved gjennomføring av trinn 2 på felt 1, vart utvaskingslaget (A6154/A8381) grave i heile 1 x 1 meter ruter i inntil to mekaniske lag med høvesvis 10 cm tjukkeleik. Fyrst som mekanisk lag 2/1 (A6154) og deretter som mekanisk lag 2/2 (A8381). Av denne grunn fekk utvaskingslaget to ID ved innmåling og laget vert vidare definert som A6154/A8381. Samtidig, som følge av at den overliggande lagpakken fjerna frå terrassen hadde varierende tjukkeleik (<45 cm), var det ikkje mogleg eksakt å korrelere nivået på dei mekanisk gravne laga frå trinn 1, opp mot dei mekanisk gravne laga frå trinn 2. Denne problematikken er løyst ved å namngi alle gjenstandsfunn samla inn frå trinn 2-undersøkinga, i høve til trinnet for innsamling. Til dømes «lag 2/1», og som indikerer trinnet for undersøkinga, og eit suffiks som, «lag 2/1» som viser respektive mekaniske lag. Vidare, ved graving av ruter innanfor arealet av lag A6154/A8381, fekk respektive ruteposar i tillegg lagkonteksten «A6154» eller «A8381». Dette som til dømes, «816x 938y lag 2/1, A6154». På same måte fekk ruteposar frå gravne areal innanfor same mekaniske nivå (t.d. lag 2/1) og same felt (felt 1), men utanfor arealet av lag A6154/A8381, kontekst som t.d., «810x 940y lag 2/1». For å samanfatte har dimesd gravne lag frå felt 1 og felt 2 ulike djupnenivå, samt at djupnenivå frå gravne lag ved trinn 1 og trinn 2 òg har ulike djupnenivå (jf. Tabell 9).

Denne kontekstinformasjonen er fylgt opp ved katalogiseringa av gjenstandsmaterialet i Gjenstandsbasen. For å lette arbeidet ved framtidige analysar av steingjenstandar eller av funndistribusjon på lokaliteten, er det valt å merke respektive funnposar med «Felt 1» og «Felt 2».

På den skråna flata i sørvest synte trinn 1-undersøkinga ei svak auke av gjenstandsfunn omtrentleg mellom 10–30 cm djupne. Her skulle det difor rutegravast eit felt, omtalt som felt 2. Denne flata låg tett inntil åssida i vest og hadde eit øvre lausmassedekke som bestod av erosjonsgrus frå åsen i form av ei rasvifte som delvis overlagra det funnførande nivået på denne flata. Dette gruslaget var lett å skilje ut stratigrafisk og varierte mellom 2 og 25 cm tjukkeleik. Eit 17–20 m<sup>2</sup> stort areal av gruslaget inntil åssida, vart fjerne ved manuell flateavdekking før oppstart av trinn 2. Nivået under vart handsama og rutegrave som lag 2/1 osv. – på same vis som på felt 1 (jf. Tabell 9). I kanten av rasvifta vart det påvist ein struktur (A8645/A10459) tolka som kokegrop. Denne vart berre delvis avdekka i plan ved trinn 2. Samstundes vart det klart at rasvifta overlagra eit funnførande areal i retning vest. Vidare undersøking av (A8645/A10459) skulle prioriterast ved trinn 3-undersøkinga.

I nordre del av lokaliteten vart det ikkje tid til å grave anna enn eit par enkeltståande prøveruter som del av trinn 2. Desse vart plassert inntil funnførande prøvekvadrantar gravne som del av trinn 1. I dette område fylgde trinn 2 same gravenivå som ved trinn 1; mekaniske lag 1 viser til nivået 0–10 cm under avtorva nivå, osv. (jf. Tabell 9).

På Blåfjell 1 vart eit samla areal på 163,75 m<sup>2</sup> rutegrave. Samanlagt svarar dette til 17,61 % av det totale arealet (930 m<sup>2</sup>) til lokaliteten.

**Tabell 10.** Oversikt over manuelt utgrave areal og volum samt gjennomsnittleg funnfrekvens i dei ulike mekanisk oppdelte laga på Blåfjell 1. \*Taldata inkluderer ikkje steingjenstandar samla inn som lausfunn eller på som på annan måte er utan lagtilhøyrse (29 stk.). Total funnmengde på Blåfjell 1 er 2266/2275 steingjenstandar, eks./inkl. ni steingjenstandar frå registreringsundersøkinga til Telemark FK.

Graveining/felt	Lag	Utgrave areal	Utgrave volum	Funnmengde	Prosentdel funn	Funnfrekvens (gj.snitt)
Prøvekvadrantar	1	12,75 m <sup>2</sup>	1,3 m <sup>3</sup>	15	0,67	1 /m <sup>2</sup>
	2	10,25 m <sup>2</sup>	1,2 m <sup>3</sup>	40	1,79	3,9 /m <sup>2</sup>
	3	9,75 m <sup>2</sup>	1 m <sup>3</sup>	35	1,57	3,6 /m <sup>2</sup>
	4	8,5 m <sup>2</sup>	0,9 m <sup>3</sup>	10	0,45	1,2 /m <sup>2</sup>
	5	2,75 m <sup>2</sup>	0,3 m <sup>3</sup>	2	0,09	0,7 /m <sup>2</sup>
	6	0,50 m <sup>2</sup>	0,05 m <sup>3</sup>	-	-	-
	7	0,25 m <sup>2</sup>	0,02 m <sup>3</sup>	-	-	-
Rutegraving, felt 1	2/1	53,5 m <sup>2</sup>	5,4 m <sup>3</sup>	1372	61,33	25,6 /m <sup>2</sup>
	2/2	28,5 m <sup>2</sup>	2,9 m <sup>3</sup>	326	14,59	11,4 /m <sup>2</sup>
	2/3	2 m <sup>2</sup>	0,2 m <sup>3</sup>	15	0,67	7,5 /m <sup>2</sup>
Rutegraving, felt 2	2/1	19,5 m <sup>2</sup>	2 m <sup>3</sup>	316	14,15	16,2 /m <sup>2</sup>
	2/2	11,5 m <sup>2</sup>	1,2 m <sup>3</sup>	105	4,70	9,1 /m <sup>2</sup>
Rutegraving nordre del av lok.	1	2 m <sup>2</sup>	0,2 m <sup>3</sup>	-	-	-
	2	2 m <sup>2</sup>	0,2 m <sup>3</sup>	1	0,04	0,5 /m <sup>2</sup>
<b>Sum</b>		<b>163,75 m<sup>2</sup></b>	<b>16,87 m<sup>3</sup></b>	<b>2237*</b>	<b>100%</b>	-

På felt 1 vart det flate-/rutegrave eit samanhengande areal på 53,5 m<sup>2</sup>, grave i inntil tre mekaniske lag. Det grå utvaskingslaget (A6154/A8381) vart som nemnd rutegrave i inntil to mekaniske lag: lag 2/1 (40,5 m<sup>2</sup>) og lag 2/2 (10,1 m<sup>2</sup>). Frå dette feltet vart det totalt samla inn 1789 funn av steingjenstandar (inkl. funn frå prøvekvadrantar). I tillegg vart det påvist to strukturar (A8338 og A8366) tolka som kokegroper. På felt 2 vart det flate/rutegrave eit samanhengande areal på 19,5 m<sup>2</sup>, grave i inntil to mekaniske lag. Frå dette feltet vart det samla inn 453 funn av steingjenstandar (inkl. funn frå prøvekvadrantar). I tillegg vart det påvist to strukturar (A8645/A10459 og A8544) tolka som kokegrop og eldstad. I nordre del av lokaliteten vart det grave enkelte prøveruter, i alt 2 m<sup>2</sup> i to mekaniske lag, og totalt samla inn 15 steingjenstandar.

#### 4.8.3 TRINN 3

Den arkeologiske undersøkinga vart avslutta med maskinell flateavdekking av eit 499 m<sup>2</sup> stort areal. Flateavdekkinga vart gjennomført ved kontrollert fjerning av mellom 5 og 10 cm tjukke jordsmonnshorisonar med gravemaskin. Dette vart gjennomført ned til ca. 20 cm djupne. Dette nivået svarar til anrikning- og undergrunnssjiktet i den naturlege stratigrafien. I samband med trinn 3 vart det påvist éi kokegrop på felt 1 (A10440) og éin mogleg eldstad (A10525) på felt 2. I tillegg vart det nytta gravemaskin til å avdekke området kring ei kokegrop (A8645/ A10459) på felt 2, ved å fjerne overliggende gruslag/rasvifte. Dette for å dokumentere utstrekninga til kokegropa i plan.



**Figur 14.** Arbeidsfoto frå den skråna flata i sørvest (felt 2), mot SV. Foto av A8645/A10459 etter avdekkinga med gravemaskin. Foto: Cf53788\_283.

Avslutningsvis vart det grave ei sjakt (9,6 m<sup>2</sup>) frå enden av terrassen i sør og vinkelrett ut på den skråna flata i retning mot ID 222341 Blåfjell 3 (Figur 11). Hensikta med sjakta var å leite etter trekol eller utkastlag innkapsla i sediment som følgje av bølgeaktivitet, i eit området som kan ha vore samtidig strandsone når lokaliteten var i bruk. Sjakta gav ingen slike observasjonar eller funn.

## 5 UTGRAVINGSRESULTAT BLÅFJELL 1

Blåfjell 1 vart registrert som eit busetnad- og aktivitetsområde frå steinalder. Registreringa hadde påvist steingjenstandar spreidd over ei flate og som kunne indikere fleire funnkonsentrasjonar. Som ein konsekvens av forlaupet på undersøkinga vart hovudfokuset å grave ut hovudsakleg to felt: felt 1 på den sentrale delen, og felt 2 på den sørvestre delen.

I alt vart det dokumentert seks strukturar, eitt funnførande utvaskingslag og ei kolmyle på lokaliteten. I samband med utgravinga er det totalt samla inn 2266 steingjenstandar, ein prøve av hasselnøttskal og 19 prøvar av trekol. Det er gjennomført til saman sju vedatomiske analysar, og åtte radiologiske dateringar som resulterte i tidfesting av aktivitet til mellom- og seinmesolitikum, samt aktivitet i folkevandringstid.

### 5.1 STRUKTURAR OG KONTEKSTAR


Det er påvist fire kokegroper, ein eldstad og ein mogleg eldstad. I tillegg er det dokumentert eit funnførande utvaskingslag, og ei etterreformatorisk kolmyle. Fire (A8338, A8366, A8645/A10459, A8544) strukturar vart påvist ved trinn 2 og to strukturar vart påvist ved flateavdekkinga (A10440 og A10525). Strukturar og lag er fordelt på felt 1 og 2 (Figur 15). For meir detaljer informasjon, sjå strukturliste (vedlegg 11.1).

**Tabell 11.** Alle påviste strukturar og lag på Blåfjell 1. For forklaring av skjørbrent stein jf. vedlegg 11.1.

A-nr.	Tolking	Form, plan	Flatemål	Djupne	Skjørbrent stein, kg	Lab. ref,	Datering	Kalibr. alder, 2 $\sigma$
A6154/A8381	Utvaskingslag	ujamt	40,5 m <sup>2</sup>	<15 cm	ja/ikkje målt	LuS-16703	220±30	1635–1925 e.Kr.
A8338	Kokegrop	avlang	210x90 cm	20 cm	61,4 (/94,9)	LuS-16704 LuS-16705	150±30, 185±30	1665–1950 e.Kr., 1650–1915 e.Kr.
A8366	Kokegrop	oval	110x50 cm	16 cm	6,1 (94,9)	LuS-16706	8625±50	7760–7540 f.Kr.
A8544	Eldstad	oval	45x70 cm	18 cm	-	-	-	-
A8645/A10459	Kokegrop	ujamn	170x100 cm	30 cm	6,96	LuS-16708	8275±40	7480–7175 f.Kr.
A10440	Kokegrop	-	50x40 cm	-	ja/ikkje målt	LuS-16707, LuS-16387	7015±35, 6980 ±50	5985–5800 f.Kr., 5985–5740 f.Kr.
A10525	Mogleg eldstad	rund/ oval	Ø 30 cm	10 cm	-	LuS-16709	1600±30	415–545 e.Kr.



Figur 15. Strukturar og lag på Blåfjell I. Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_385.




**Figur 16.** C14-dateringer fra strukturar og lag på Blåfjell 1. Merk at enkelte overlappende C14-resultat er slått saman på kartet, samt at alle dateringer er gitt att som kal. alder (2  $\sigma$ ). Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_386.

### 5.1.1 KOKEGROPER

Totalt vart det påvist fire kokegropar på lokaliteten; A8338, A8366 og A10440 på felt 1, og A8645/A10459 på felt 2. Strukturane er tolka som kokegropar grunna gropformer i profil og tydeleg skjørbrønt/varmepåverka stein og trekol.

A8338 og A8366

Kokegropene var lokalisert ved sidan av kvarandre med øvre nivå i topp av det lysegrå utvaskingslaget (A6154/A8381). I profilet og delvis i plan var kokegropene avskilte som to individuelle kokegropar. A8338 og A8366 var synleg som samlingar av skjørbrønt og varmepåverka stein. I profila var former lett bua, men utflytande av skjørbrønt stein. Det fanst ingen fyllskifter i samband med strukturane. Totalt hadde kokegropene 129 kg skjørbrønt og varmepåverka stein. Det vart gjennomført tre C14-analysar av trekolmateriale frå kokegropene. A8366 fekk dateringsresultat til mellommessolitikum (7760–7540 f.Kr.) og A8338 vert indirekte datert til å vera samtidig med A8366 (sjå avsnitt om C14-datering nedanfor).



**Figur 17.** Planteikning kokegropar A8338 og A8366, etter rutegraving av lag 2/1, felt 1, og før fjerning av overliggende profilbenk. Foto: Cf53788\_347.

På bakgrunn av former i profila samt tydeleg varmepåverka stein, er A8338 og A8366 tolka som kokegropar. Etter fjerning av overliggende lag i profilbenken var strukturane utflytande i plan (sjå Figur 46). Kokegropene er difor fleire mindre overlappande kokegropar, eller eventuelt éin samanhengande struktur/kokegrop. Det kan tenkast at kokegropene representerer ombruk frå fleire episodar.






**Figur 18.** Profilfoto av A8338 og A8366. Profil ID er C7023. Jf. profilteikning Figur 24. Fotogrammetri: Cf53792\_001, og foto: Cf53788\_350.

A10440

Kokegropa A10440 var også lokalisert under profilbenken på felt 1 og i same nivå som det lysegrå utvaskingslaget (A6154/A8381). Av omsyn til tid vart det ikkje høve til full dokumentasjon av strukturen. Kokegropa kan minne om A8338 og A8366 ovanfor; samling av stein med fleire skjørbrente, og ingen fyllskifte (for profilteikning sjå Figur 24). Det vart gjennomført to C14-anaysar av trekol og hasselnøttskal frå A10440. Dateringane overlappar til seinmesolitikum, ca. 5985–5740 f.Kr. (sjå avsnitt om C14-datering nedanfor).




**Figur 19.** Plan- og profilfoto av A10440. Planfoto øvst (merk at det svarte kolet nedst på foto stammar frå kolmila som fanst over strukturen) og profilfoto nedst. A10440 er synleg som skjørbrent stein på profilfoto. Jf. profilteikning Figur 24. Foto/fotogrammetri: Cf53788\_276, 349, Cf53792\_7060503–660.



A8645/A10459

Kokegropa vart påvist på felt 2 liggande under eit tjukt lag av eroderte rasmassar (sjå Figur 14). Strukturen er undersøkt i to omgangar; fyrst delvis dokumentert ved trinn 2, som ID A8645, deretter avdekka i plan med gravemaskin (trinn 3) og dokumentert vidare som ID A10459. Kokegropa har difor to innmålte id. Fyllmassane til kokegropa bestod hovudsakleg av eit mørkebrunt eller svart og sota/kolhaldig sand- og gruslag. Ved sålding av snitta fyllmassar framkom enkelte mindre kolbetar, men massane bestod mest av kolstøv, og var utan gjenstandsfunn. Frå snitta fyllmassar fanst 6,96 kg skjørbrønt stein. Forma på strukturen i profil var ujamn men synleg som ei tydeleg nedgraving/grop. C14-datering av trekol frå A8645/A10459 gav datering til mellommesolitikum, ca. 7480–7175 f.Kr.




**Figur 20.** Profilfoto og -teikning av A10459, mot sør. A8645 utgrave som del av trinn 2 er merka med stipla linje. Lag 1 og 2 utgjer A10459. Teikning: Cf53788\_352.

### 5.1.2 ELDSTADER

Det vart påvist éin eldstad og éin mogleg eldstad på lokaliteten (A8544 og A10525), begge på felt 2. Strukturane er tolka som eldstader grunna kolhaldige fyllskifter og fråvær av skjørbrønt stein.

A8544

Eldstaden vart påvist ved rutegraving på felt 2. Strukturen vart fyrst påvist som utflytande samlingar av hand- og hovudstor stein. Enkelte stein kunne vera varmpåverka. Ved vidare undersøking kom det fram ein kolhaldig flekk ca. 10 cm under ei av steinsamlingane, og som vidare vart definert som A8544. Det var ikkje mogleg å få klarlagt om steinsamlinga i nivået over faktisk inneheldt varme-/skjørbrent stein, og om denne hadde ein relasjon til kolflekken under. A8544 vart difor avgrensa til kolflekken. I midten av kolflekken låg ein hovudstor stein. Fyllmassane bestod hovudsakleg av svart og gråbrun kolhaldig humus og silt. Strukturen vart tolka som ein eldstad, mogleg steinsatt eldstad. Fyllmassane var svært kolhaldig og med ingen sikre skjorbrente steinar.



**Figur 21.** Plan- og profildeikning av Eldstad A8544. Foto: Cf53788\_353.



**Figur 22.** Foto av eldstad, A8544. Øvst: planfoto av kompakte steinsamlingar i nivået over A8544; nedst til venstre og høgre: profil- og planfoto av A8544. Foto: Cf53788\_165, 180, 185.

A10525

Strukturen vart påvist på felt 2, ved trinn 3. I plan hadde strukturen rund/oval form og botnen var bua. Fyllmassar bestod av mørkebrun sand med innslag av trekol. Ingen tydelig skjorbrent stein. Fyllmassane vart ikkje sålda. Strukturen er tolka som ein mogleg eldstad. Det vart gjennomført C14-analyse av trekol frå A10525. Denne gav dateringsresultat til folkevandringstid i jernalder, ca. 415–545 e.Kr.



**Figur 23.** Plan- og profilfoto av A10525. Foto: Cf53788\_289, 290.

### 5.1.3 UTVASKINGSLAG A6154/A8381

Som tidlegare forklart fanst det eit funnførande stratigrafisk sjikt lokalt avgrensa til den sentrale terrassen på lokaliteten (jf. kapittel om utgravingsmetode ovanfor). Sjiktet var delvis overlagra av eit tynt lag erosjonsgrus (lag 3 og 4, Figur 24) avsett frå bergsidene omkring terrassen. Over dette gruslaget fanst lag danna i samband med trekolproduksjon i mila (Figur 24, Figur 45).

Utvaskingslaget vart relevant i undersøkinga fordi det representerte eit vertikalt avgrensa funnførande djupnenivå, med romleg avgrensing. Dette gav assosiasjonar til andre kjende kulturspor m.a. tolka som nedgravne golvflater i mellommesolittiske hyttetufter (jf. t.d. Mjærum 2018). Sidan utvaskingslaget var delvis overlagra av erosjonsgrus kunne det i tillegg tenkast at bevaringstilhøva var betre på terrassen enn elles på lokaliteten.


Sjiktet var gråbrunt, kompakt og bestod av silt, sand, grov grus og handstore steinar med avrunda overflater. Steinen og grusen i laget gav inntrykk av å vera vassrulla. Undervegs i utgravingsforlaupet vart det tydeleg at sjiktet var danna av naturlege formasjonsprosessar, truleg utfelt og transportert ved vassrørslle i lausmassedekket (Skøien 2003:35). Den svært lokale

avgrensinga på dette sjiktet kan ha samanheng med mikrotopografiske tilhøve. Terrassen hadde form som eit lite topografisk platå og var tydeleg omkransa av forvitra berggrunn. Dette kan ha medverka til oppsamling av vatn på terrassen, og til lokale utvaskingsprosessar. Sjiktet er difor forstått som eit utvaska og naturleg avsett stratigrafisk lag på staden (jf. vedlegg 11.1.). Teke i betraktning at sjiktet hadde antropogene kulturspor i form av kokegroper og gjenstandsfunn ( øvre nivå av kokegroper fanst i topp av det lysegrå utvaskingslaget), er det rimeleg å føreslå at nivået av utvaskingslaget ein gong har representert opphavleg markoverflate på lokaliteten.

Med dette utgangspunktet vart utvaskingslaget avdekka i plan ved maskinell fjerning av overliggande lag, deretter målt inn, fotografert og rutegrave som to mekaniske lag: lag 2/1 ved ID A6154 og lag 2/2 ved ID A8381 (Figur 15). Etter avdekkinga målte utvaskingslaget ca. 40 m<sup>2</sup> i plan. Laget hadde varierende tjukkeleik (<15 cm) og tilnærma oval- men utflytande form i plan. Rundt kolmila fanst djup grøft. Nordre ende av utvaskingslaget grensa inntil- og var avgrensa av grøfta. Frå midtre del av terrassen skrinna laget gradvis ut i sørleg og søraustleg retning (Figur 15). Måten utvaskingslaget var avgrensa på indikerer at laget, derav òg omfang på det funnførande arealet på felt 1, var forstyrra og fjerna i samband med nyare tids kolmile-aktivitet (jf. funnspreiing nedanfor).

I tillegg til funnkonsentrasjonen av steingjenstandar, vart tre kokegroper (A8338, A8366 og A10440) avdekka som del av utvaskingslaget. Det vart òg observert mogleg skjørbrent stein innanfor laget, men ikkje i konsentrasjonar. Nokre steinar øvst i laget hadde sota overflater og var truleg påverka av varme frå kolmila. Sidan det fanst stor mengde stein i laget, og ein del av denne varmepåverka frå seinare trekolproduksjon i mila, vart det nedprioritert å skilje ut og dokumentere mogleg skjørbrent/varmepåverka stein som tenkeleg kunne vera etterlaten frå buplassaktiviteten frå steinalder.

Påvist aktivitet frå eldre steinalder på denne terrassen (felt 1) kan i hovudsak relaterast til utvaskingslaget. I forlenging av dette kan laget tolkast som nivået av ei eldre markoverflate/buplassflate frå steinalder, delvis overlagra av erosjonsgrus. Utkanten av denne buplassflata er tydeleg forstyrra av trekolproduksjonen som har vore gjennomført i kolmila. Det vart gjort forsøk på C14-datering av innsamla trekol frå utvaskingslaget. Ikkje overraskande fekk dette dateringsresultat til etterreformatorisk tid/moderne tid, 1635–1925 e.Kr. (sjå avsnitt om C14-datering nedanfor).




**Figur 24.** Profilteikning av søre profilet (C7023 og C7010) på felt 1, med utvaskingslaget (A6154/A8381) namngitt som lag 5 og tre kokegropser (A8338, A8366 og A10440) i profil. Profil ID C7023 øvst og C7010 nedst. Jf. fotogrammetri Figur 45. Foto: Cf53788\_351.

### 5.1.4 ANNA - KOLMILE

Sentralt på lokaliteten fanst ei om lag 250 m<sup>2</sup> stor kolmile av typen reismile. Mila hadde rund form, tydeleg voll/forhøgning i ytterkant og den romma heile arealet av terrassen (Figur 8 og Figur 11). I nordre ende flata mila ut i bakkeplan. Alle lag avsett i samband med mileaktiviteten var svært tydelege i profilet. Her fanst restar frå kolmiledekket, kolrest frå sjølve mila, eit varmepåverka lag under mila samt tydeleg grøft og voll rundt mila (jf. Figur 24, Figur 45). Fleire avskrivne strukturar innanfor milearealet kan tenkeleg ha samanheng med vedstabling i mila, t.d. kiler til å stable ved (jf. Tabell 6).

Reismiler er ei type flatmarksmile nytta til trekolproduksjon over bakkenivå, og er karakteristisk ved at den er rund og omgitt av grøfter og/eller groper (Narmo 1996:35, 40-42; Larsen 2009:32-33). Mila er rund som følgje av at veden vart reist i kjegleform omkring ein midtstokk.



**Figur 25.** Illustrasjon av tverrsnittet til ei reismile; rekonstruksjon av vedstabel frå Rødsmoen (jf. R167 Narmo 1997:Figur 111). Merk grøftene i utkanten av mila.

Kolmiler er etterreformatoriske kulturminne og skal sjåast i samanheng med etableringa av sølv-, jern-, og koparverka frå første halvdel av 1600-talet til 1800-talet (Narmo 1996:43; Larsen 2009:33). Mila var difor mindre relevant for den arkeologiske undersøkinga på Blåfjell 1. Sidan kolmila fanst plassert parallelt ovanfor ei aktivitetsflate frå steinalder, var det primære omsynet ved utgravinga å få kartlagt eventuelle forstyrringar som trekolproduksjonen frå etterreformatorisk tid, kunne ha medført for det funnførande nivået frå steinalder lokalisert under kolmila. I tillegg til kolmila vart det funne ein rusta kjetting i øvre del av torva nokre meter søraust for mila, samt to Eidsborgbryne; eitt innanfor kolmila og eitt som låg utanfor vollen i aust. Funna kan ha samanheng med trekolproduksjon og anna aktivitet på staden (jf. <https://www.nhm.uio.no/fakta/geologi/bergarter/fylkesstein/telemark.html>). Påviste forstyrringar er tidlegare forklart under avsnitt om kjeldekritiske problem.

Det føreligger tre C14-dateringar frå kokegroper og lag på felt 1, alle med resultat til etterreformatorisk-/moderne tid (1635–1950 e.Kr.). Det er svært sannsynleg at datert trekolmateriale og respektive dateringar, stammar frå trekolproduksjonen i mila (jf. Kjeldekritiske problem ovanfor).

## 5.2 GJENSTANDSFUNN (C62935)

Det er i alt samla inn 2275 steingjenstandar frå Blåfjell 1, inkludert ni steingjenstandar av flint samla inn i samband med registreringa til Telemark FK. Registreringsfunna (C61033) er ikkje innlemma i tabellane og prosentutrekningane i denne rapporten, men består av flekker med retusj, ryggflekke, avslag m.m., alt av same karakter som det utgravne materialet.

Til saman 2266 gjenstandar er samla inn i samband med utgravinga. Steingjenstandane representerer både formelle reiskapar og produksjonsavfall. Av materialet frå utgravinga er 2233 (98,5 %) gjenstandsfunn av flint, og 33 (1,5 %) av andre steinråstoff. Av andre steinråstoff er 25 (1,1 %) av bergart, fem (0,2 %) av sandstein, to (0,0 %) av skifer og éin (0,0 %) av bergkrystall. I tillegg til steingjenstandane er det katalogisert eitt funn av forkulla hasselnøttskal og 19 prøvemateriale av trekol (jf. naturvitskap og datering nedanfor).

I samandrag kan gjenstandsfunna både på teknologisk og typologisk grunnlag, tidfestast til mellom- og seinmesolitikum, og til nyare tids aktivitet truleg relatert til trekolproduksjon/bruken av kolmila.

**Tabell 12.** *Gjenstandsfunn frå Blåfjell 1.*

Type	Variant	Flint	Bergkrystall	Bergart	Skifer	Sandstein	Mengde	Prosent
Avslag	Utan tilverknad	528	1	10			539	23,8 %
	Skrapar	1					1	0,0 %
	Kniv	1					1	0,0 %
	Retusjert	9					9	0,4 %
	Slipt			1			1	0,0 %
Fragment	Utan tilverknad	418		10			428	18,9 %
	Retusjert	8					8	0,4 %
	Slipt					1	1	0,0 %
Splint	Utan tilverknad	789					789	34,8 %
Kjerne	Konisk	7					7	0,3 %
	Med plattform, forarbeid	2					2	0,1 %
	Bipolar	1					1	0,0 %
	Uregelmessig	1					1	0,0 %
Kjernefragment	Plattformavslag	34					34	1,5 %
	Ryggflekke	15					15	0,7 %
	Mikroflekke m/rygg	2					2	0,1 %
	Sidefragment	3					3	0,1 %
Knoll/råstoff	Utan tilverknad	1					1	0,0 %
Flekke	Utan tilverknad	225					225	9,9 %
	Skrapar	2					2	0,1 %
	Bor	5					5	0,2 %
	Retusjert	33					33	1,5 %
Mikroflekke	Utan tilverknad	132					132	5,8 %
	Bor	1					1	0,0 %



	Retusjert	9				9	0,4 %	
Pilspiss	Lansettmikrolitt	2				2	0,1 %	
	Skjeivtrekant, mikrolitt	4				4	0,2 %	
Øks	Trinnøks			1		1	0,0 %	
Øks/meisel	Forarbeid			1		1	0,0 %	
Slippeplate	Slippeplate				1	1	0,0 %	
	Slippeplate, fragment				3	3	0,1 %	
Bryne	Eidsborgbryne			2		2	0,1 %	
Knakkestein				2		2	0,1 %	
<b>Total</b>		<b>2233</b>	<b>1</b>	<b>25</b>	<b>2</b>	<b>5</b>	<b>2266</b>	<b>100,0 %</b>

### 5.2.1 STEINRÅSTOFF

Frå Blåfjell 1 er det katalogisert og skilt mellom åtte visuelt ulike steinråstoff. Flintmaterialet representerer 98,5 % av det totale funnmaterialet. I katalogiseringa var det ikkje høve til å skilje mellom ulike typar flint, men det vart observert flint med ulik farge, tekstur, homogenitet og ulike typar cortex/naturleg overflater. I samandrag har flinten som oftast fin eller middels fin tekstur. På bakgrunn av observasjonar frå katalogiseringa kan det konkluderast at det har føregått produksjonsprosessar frå fleire flintknollar av jamt god kvalitet. Av flintgjenstandane har minimum 12,3 % varmpåverka overflate, og 22,7 % har cortex/naturleg overflate. I tillegg vart det observert flint med frostsprekker og flint med lyspatinerte overflater. Det er òg samla inn éin flintknoll (14 g).

I tillegg til flint er det katalogisert eit lite gjenstandsmateriale av andre typar steinråstoff (1,5 %), fordelt på sju råstoffkategoriar. Kategorien *bergart* (1,1 %) er delt inn i tre visuelt ulike råstofftypar. Inndelinga er basert på vitra/patinerte overflater som gjer inndelinga noko vilkårleg, men alle tre bergartar er truleg diabas. *Sandstein* (0,2 %) og *skifer* (0,1 %) er gjenstandsspesifikke råstofftypar høvesvis nytta til slippeplater og til Eidsborgbryne. Utover dette er det samla inn eitt avslag av bergkrystall.

**Tabell 13.** Oversikt over «andre råstofftypar» og respektive gjenstandskategoriar. To knakkesteinar av bergart er ikkje inkludert.

Type	Farge	Visuelle eigenskapar	Gjenstandskategoriar
Bergart	mørk, grållilla	middels fin med små runde inklusjonar	Trinnøks (eggfragment)
	mørk gråblå	middels fin	Avslag (slipt), avslag og fragment
	lys brunbeige	middels fin	Forarbeid til øks/meisel, avslag og fragment
Sandstein	raudbrun	middels fin og matt	Slippeplate
	brungrå	middels fin og matt	Slippeplatefragment, fragment (slipt)
Skifer	lys grå	fin og glimmerrik	Eidsborgbryne
Bergkrystall	gjennomskinleg	fin og skinnande	Avslag

### 5.2.2 SEKUNDÆRTILVERKA GJENSTANDAR

I alt har 87 (3,8 %) steingjenstandar sekundært tilverka modifikasjonar (t.d. retusjering, prikkhogging, sliping eller bruksoverflater). Av desse er 75 (86,2 %) av flint og 12 (13,8 %) av bergart, sandstein og skifer. Av sekundærtilverka gjenstandar er 23 gjenstandar (26,4 %) vurdert som formelle reiskapar og resterande som uformelle reiskapar. Formelle reiskapar er her definert som mikrolitt, bor, skrapar, kniv, øks, slipeplate og bryne. Av uformelle reiskapar inngår forarbeid til øks/meisel, flekke-, mikroflekk-, avslag-, og fragment med retusj, og knakkesteinar.

#### Mikrolittar (pilspissar)

I alt er det katalogisert seks mikrolittar; to lansettar og fire skeivtrekantar, alle av flint med fin eller middels fin tekstur (Helskog og Indrelid mfl. 1976). Mikrolittane tolka som lansettar er begge tilverka på flekker med retusjert odd (skrå/skrå og konveks enderetusj) i proksimalenden av flekka. Begge har retusjering av odden frå ventralsida mot dorsalsida. Skeivtrekantane er alle tilverka på mikroflekke med odd (skrå og konveks/konkav enderetusj) i proksimal- (tre stk.) eller i distalenden (ein stk.) av mikroflekka, og tre med retusj langs ein lateralkant i tillegg. Skeivtrekantane har ulik retusjering av odden, enkelte med vekslende retusjering. I tillegg til dei seks mikrolittane er det notert sju tilfelle av flekke-/mikroflekke med retusj, som enten kan vera fragmenterte mikrolittar eller uregelmessige mikrolittvariantar. Dette er notert i merknadsfeltet for den enkelte gjenstand i Gjestandsbasen. Det er kjent at mikrolittar frå austnorsk mellommesolitikum har variert form og storleik (Mansrud 2013:Figur 8). Ved vurdering og katalogisering av mikrolittane frå Blåfjell 1 har regelmessigheten til flekka/mikroflekka i kombinasjon med plassering og form på retusj, vore utslagsgivande for klassifikasjonen.

I Oslofjordsområdet opptreer funn av både lansettmikrolittar og skeivtrekantar i all hovudsak mellom 8300–7000 f.Kr. – i første halvdel av mellommesolitikum (8300–6300 f.Kr.) (Mansrud 2013; Reitan 2016).



**Figur 26.** Mikrolittar: to lansettmikrolittar til venstre og fire skeivtrekantar til høgre, alle av flint. Foto: Cf53788\_355, 356.

## Andre sekundærtilverka gjenstandar med retusj


Det er katalogisert til saman 69 andre gjenstandar med retusj, alle av flint. Dette svarar til 79,3 % av alle sekundærtilverka gjenstandar. Av gjenstandar med retusj er 14,5 % formelle reiskapar definert som bor, skrapar og kniv. I alt seks gjenstandar er borspissar på enten flekke eller mikroflekke (Figur 27). Tre av desse er heile/tilnærma heile og tre er oddfragment. I alt tre gjenstandar er skraparar på flekke og avslag. Alle tre har konveks retusj i enten distal- eller proksimalenden av flekka/avslaget. Til sist er eitt reiskap tolka som kniv. Dette er eit uregelmessig avslag med retusj langs lang distalkant (sjå figur nedanfor).



**Figur 27.** Seks borspissar til venstre og eitt stort avslag med retusj (kniv?) til høgre, alle av flint.  
Foto: Cf53788\_361.

Av gjenstandar med retusj er 85,5 % katalogisert som uformelle reiskapar. Uformelle reiskapar med retusj er fordelt på kategoriane flekker (33 stk.), mikroflekker (9 stk.), avslag (9 stk.) og fragment (8 stk.), og er alle av flint. Av flekker og mikroflekker med retusj er 10 proksimal-, 24 medial- og 6 distalfragment. Berre to er intakte flekker. Det er observert at ein betydeleg del av retusjerte flekker og mikroflekker har retusjerte sidekantar i kombinasjon med tverrgåande knekke-/bøyingsbrot (Figur 28). Éi av flekkene har eit tydeleg slagmerke på ventralsida ved tverr brotsflate (Figur 28, nedst til venstre). Dette er eit loddrett brot påført ved slag på ei breiside av flekka. Flekker og mikroflekker med og utan retusj og med tverrgåande brotsflater, representerer ein formell gjenstandstype omtalt som *flekkeselement*, eller *linjalar* (jf. primærtilverka gjenstandar, nedanfor). Flekkeselement er tolka som både eggjar i komposittreiskapar og som stiklar.

Flekkeselementa er ikkje skilt ut som eigen gjenstandskategori og er berre katalogisert som flekke- og mikroflekkfragment med og utan retusj. Årsak for dette henger saman med prioriteringar for katalogiseringa. Årsaka skal òg relaterast til typologiske utfordringar med å påvise slike linjalar og stiklar (Sørensen 2017:215). For framtidige steinteknologiske- eller brukssporanalysar skal det merkast at flekke- og mikroflekkfragment med og utan retusj frå Blåfjell 1, inneheld potensiale for studiar av denne reiskapsteknologien.



**Figur 28.** *Flekker med retusj, alle av flint. Foto: Cf53788\_362.*

Trinnøks, forarbeid til øks/meisel og sekundærtilverka bergartsavfall

Frå Blåfjell 1 er det samla inn eitt eggfragment av ei trinnøks og eit forarbeid til enten øks eller meisel (Figur 29). Eggfragmentet (st. mål 5,3 cm) er av ein mørk «grålilla» bergart som har små runde inklusjonar i grunnmassen. Deler av eggfragmentet har tilsynelatande prikkhogd overflate og eggen er slipt, konveks og asymmetrisk. Gjenstanden er med det tolka som del av ei trinnøks. Forarbeidet (st. mål 6,4 cm) er av lys brunbeige bergart med middels fin tekstur. Gjenstanden har negativar frå kanthogging i hovudsak langs to hoggesaumar. Hoggesaumen går vidare langs kanten av ein kortende. Denne enden har formgiving som likner forma til ein økseegg. Gjenstanden er tolka som eit avbrutt/øydelt og kassert forarbeid til ei øks eller meisel. Bergartane er truleg diabas (for "gråblå" økseråstoff, sjå Melvold og Eigeland 2014:252).

I Oslofjordområdet er trinnøkser og meislar dokumentert frå ca. 7900/7600 f.Kr. og fram mot 5600 f.Kr. (Mansrud 2008; Mjærum 2012; Koxvold 2013; Mansrud og Koxvold 2013; Solheim 2013; Eggen 2014; Reitan 2016; Mansrud 2017; Eymundsson og Fossum mfl. 2018). Dette svarar til periodane mellom- og seinmesolitikum.


I tillegg til omtalt øks og forarbeid av bergart er det samla inn eitt bergartsavslag med slipefasett på dorsalside.



**Figur 29.** Forarbeid til øks/meisel til venstre og eggfragment av trinnøks til høgre, begge truleg av diabas. Foto: Cf53788\_374.

#### Slipeplater

Det er samla inn tre fragment av slipeplater og ei tilnærma heil slipeplate, alle av sandstein. Slipeplatene har største mål mellom 6,8–10,5 cm. Ei slipeplate er i tre deler som kan føyast saman til ei lita firesida slipeplate på ca. 7x7 cm. Bergarten til denne er av raudbrun, middels fin og matt sandstein, dei andre tre slipeplatefragmenta er av sandstein med brungrå farge.



**Figur 30.** Lita slipeplate i tre delar, av sandstein. Foto: Cf53788\_376.

Slipeplater ( gjerne med konkave slipespor) er ofte vurdert som eit verktøy spesifikt nytta til å vedlikehalde slipte økseeggjar (Mansrud 2008:253; Solheim og Olsen 2013:207-208). Slipeplater av sandstein opptre parallelt med trinnøkser i Oslofjordområdet, frå ca. 7900/7600 f.Kr., og er ein sentral gjenstandskategori gjennom mellom- og seinmesolitikum, fram til ca. 4500 f.Kr. (Jaksland 2001:37; Reitan 2016:Tabell 10).

### Knakkestein

Det er samla inn to knakkesteinar (123 og 350 g). Ein er liten, har flatoval form utan tydelege bruksspor. Den andre er knyttnevestor med noko kanta form og har fine knusespor på to motstående endar. Steinråstoffet er av hard kvalitet og av ukjend bergart.

### Bryne

Det er samla inn to Eidsborgbryne, begge som lausfunn. Eitt bryne (17,8 cm lengde) er smalt og avlangt med fire bryneflater (Figur 31). Det andre (5,8 cm st. mål) er eit fragment utan slipte bryneflater. Begge brynene er av lys grå, finkorna skifer. På bakgrunn av utsjånaden til skiferen og nærleiken til kjende skifersteinbrot ved Eidsborg i Tokke kom. (Vestfold og Telemark fylke), er bryna katalogisert som Eidsborgbryne. Brynestein frå Eidsborg har vore nytta til vedlikehald av jernverktøy sidan 800-talet og fram til 18-/1900-talet (Baug og Heldal mfl. 2020; Naturhistorisk museum 2021).



**Figur 31.** Eidsborgbryne av skifer. Foto: Cf53788\_377.

### 5.2.3 PRIMÆRTILVERKA GJENSTANDAR

Totalt består primærtilverka gjenstandsfunn av 2179 gjenstandar og representerer 96,2 % av gjenstandsfunna. Av desse er 2158 (99 %) av flint, 20 (0,9 %) av bergart og 1 (0,1 %) av bergkrystall. Primærtilverka gjenstandsfunn omfattar kategoriane kjernar, flekker, mikroflekker, avslag, fragment, splint og knoll. Flint er det dominerande steinråstoffet, og primærtilverka gjenstandar av flint består i all hovudsak av flintavfall frå produksjon av flekker og mikroflekker (emneproduksjon).

Totalt 1756 (77,5 %) gjenstandsfunn frå Blåfjell 1 høyrer til kategoriane avslag, fragment og splint, og kan fordelast på flint, bergart og bergkrystall. I alt 98,8 % av dette er av flint og 24 % har overflater med cortex. Kategorien flintavslag er vidare inndelt i plattformavslag (34 stk.) og sideavslag frå kjerne (3 stk.). Kategorien *plattformavslag* består av ulike typar avslag frå preparering av kjernens plattform (Figur 32). Her er typiske plattformavslag med trinna/hengsla distalendar, plattformkantavslag og enkelte plattformskiver representert. Plattformavslaga har både glatte og fasetterte dorsalsider og som viser til kontinuerleg vedlikehald/preparering av plattformer på kjernar. *Sideavslag frå kjerne* inneheld variantar av kjernefrontavslag, alle frå kjernefrontar til einpola kjernar, i tillegg til eitt mogleg avslag frå botn av ein kjerne.



**Figur 32.** Plattformavslag av flint. Foto: Cf53788\_367.

Det er samla inn 374 (16,5 % av det totale funnmaterialet) mikroflekker ( $\leq 8$  mm breidde) og flekker ( $\geq 8$  mm breidde) utan tilverknad (for definisjon sjå Helskog og Indrelid mfl. 1976; Sørensen 2006). Alle flekker (240 stk.) og mikroflekker (134 stk.) er av flint, og berre 7,5 % er intakte flekker/mikroflekker (1,3–5,3 cm lengde). Dei resterende er fordelt på proksimal-, medial- og distalfragment (92,5 %). Av det totale flekke- og mikroflekkematerialet har 16,3 % cortex på dorsalsida. Av flekke- og mikroflekkematerialet er 17 stykke med rygg (4,5 %).



**Figur 33.** Flekker til venstre og mikroflekker til høgre, alle av flint. Foto: Cf53788\_364, 366.

Som vist til ovanfor er hovuddelen av flekker og mikroflekker, fragmenter (92,5 %). Gjennom katalogiseringsprosessen vart det observert at svært mange av flekkefragmenta hadde tverrstilte brot. Slike brot kan vera bøyingsbrot karakteristisk for bøying/knekkning (Tsirk 2014:168-171). Det vart ikkje observert bruk av mikrostikkelteknikk for å dele flekkene. I mellommesolitikum, i Sør-Noreg, Skandinavia og i Nordaust-Europa, er systematisk knekking av flekker og mikroflekker praktisert som ein produksjonsmetode for framstilling av både stiklar, mikrolittar og segment nytta som eggjar og oddar til flinteggpilar (Sjöström og Nilsson 2009; Rankama og Kankaanpää 2011; Mansrud 2013:75; Damlien 2016:384-387; Sørensen 2017). Flekkefragment, gjerne helst medialfragment, med og utan retusjering og bruksspor, er gjerne omtalt som *linjalar* og har ofte form som rektangulære segment (Sjöström og Nilsson 2009).

Generelt er flekke- og mikroflekkematerialet variert, men for ein stor del av dette materialet vart det observert regelmessige sidekantar; parallelle ryggar på dorsalsider; negativar slått frå same retning på dorsalsider; preparering av plattformkantar, og flekker med og utan cortex. På bakgrunn av dette er det tydeleg at produksjonsmetoden for flekker og mikroflekker i all hovudsak har vore standardisert og utført på kjernar med éi plattform. Intakte flekker har største målte lengde og lengdesnitt på 5,3 cm og 2,9 cm, og intakte mikroflekker har største målte lengde og lengdesnitt på 4 cm og 2,1 cm. Sett i samanheng med både flekker/mikroflekker med cortex og flintfragment og avslag med cortex, indikerer slike mål at fleire deler/trinn av produksjonen av flekker/mikroflekker har vore initiert, utført og avslutta på lokaliteten.

#### Kjernar

Det er samla inn 11 kjernar frå Blåfjell 1, alle av flint. Kjernematerialet er delt inn i sju koniske kjernar, to moglege forarbeid til plattformkjernar, éin uregelmessig kjerne og éin bipolar kjerne.

Seks av dei koniske kjernane (st. mål 2,1–3,5 cm) har enten konisk eller sub-konisk form; tydeleg fasetterte plattformer og  $3/4$ -utnytting av fronten (Damlien 2016:124). Kjernane er generelt små og




fullstendig utnyttja når dei er forkasta. Den siste kjernen (Figur 34, lengst til høgre) skilje seg ut ved at den har rygging langs front og ingen parallelle negativar frå framstilling av emne. I tillegg har den cortexdekkta baksida og fasettert plattform. Kjernen synes å vera kassert i midtre stadium for utnytting av kjernen.



**Figur 34.** Sju koniske kjernar, alle av flint. Foto: Cf53788\_371, 373.

Vidare er det samla inn to gjenstandar (st. mål 5,3 og 5,5 cm) av flint som på morfologisk grunnlag kan minne om handtakskjerner (for *handtakskjerner* sjå m.a. Jaksland 2001:37; Eigeland 2015; Reitan 2016). Gjenstandane vert her definert som usikre forarbeid til plattformkjerner. Begge gjenstandane er makroavslag med delvis cortexdekkta dorsalsider og glatte, avlange ventralsider. Dorsalsider har tydeleg preparering og tendens til rygging langs kortsider av avslaga. På teknologisk grunnlag kan denne tilverknaden indikere at avslaga har fått produsert plattform og front og at gjenstandane kan vera forarbeid til plattformkjerner og tiltenkt emneproduksjon (for *forarbeid* sjå Eigeland 2015:Figur 6.12). Begge gjenstandane har fleire trinn og hengsler langs lateralsider som kan indikere at dei er kasserte i tidleg stadium for produksjon av kjernen. Årsaker kan vera kvaliteten på råstoffet eller som følgje av feil i tilverknaden av kjernen.



**Figur 35.** Forarbeid til plattformkjerner, begge av flint. Foto: Cf53788\_370, 380.

Utover nemnde kjerner er det samla inn éin uregelmessig kerne (st. mål 4,6 cm) og éin bipolar kerne (st. mål 2,4 cm). Den uregelmessige kjernen kan vera forarbeid til plattformkerne (truleg konisk kerne), kassert på grunn av dårleg råstoffkvalitet. Flinten er av middels fin flint med fleire inklusjonar og frostsprekker.

Datapresentasjonen og observasjonar gitt ovanfor, av avslag-, flekke- og mikroflekkematerialet passar godt med tilfanget av kjernar. Samla viser dette materialet at det har vore gjennomført standardiserte metodar for produksjon av regelmessige flekker og mikroflekker frå koniske kjernar. Koniske kjernar (fleire med sub-konisk form) med 3/4-utnytta front og fasetterte plattformer, samt eit betydeleg innslag av plattformavslag, er karakteristisk for *trykkflekke på koniske kjernar-konseptet* påvist i Sør-Noreg i mellommessolitikum (Sørensen og Rankama mfl. 2013; Eigeland 2015; Damlien 2016). Kombinasjon av flekke- og mikroflekkeproduksjon er typisk for dette konseptet (Eigeland 2015:252; Damlien 2016:341).

## 6 NATURVITSKAP OG DATERING

Samanlagt er det katalogisert 20 naturvitskaplege material. Dette er fordelt på 19 prøvar av trekol og eitt funn av hasselnøttskal (jf. tilvekst, vedlegg 11.3). I alt har sju vitskaplege material fått vedanatometisk analyse og åtte er C14-analysert.

### 6.1 VEDANATOMISK ANALYSE

Det er gjennomført vedanatometisk analyse av totalt sju prøvar av trekol og hasselnøttskal. Analysen vart gjennomført ved *Afdeling for Konservering og Naturvidenskab, Moesgaard Museum* (jf. Vedlegg 11.9). Føremålet med analysen var å få kjennskap til kva treslag som potensielt er samla inn og nytta til brensel, samt få inntrykk av vegetasjonsbildet i nærmiljøet til lokaliteten når den var i bruk. Resultata frå artsfestinga er nytta ved prioritering av prøvar til C14-datering.

**Tabell 14.** Resultat frå vedanatometisk analyse av materiale frå Blåfjell 1, sortert på stigande id.-nummer i høve til kontekst. Totalt er det analysert 65 stykke med trekol.

Id.	Prøvenr.	Kontekst	Vekt	Vedart
-	P8501	814x/937y, lag 2	0,2	1 gran ( <i>Picea</i> ), 2 furu ( <i>Pinus</i> ), 2 barlind ( <i>Taxus</i> )
A6154	P8558	Utvaskingslag, 818x/937y, lag 2/2	0,6	7 gran ( <i>Picea</i> ), 1 osp ( <i>Populus</i> ), 1 truleg av lind ( <i>Tilia</i> )
A8338	P10243	Kokegrop	0,1	2 gran ( <i>Picea</i> ), 3 furu ( <i>Pinus</i> ), 1 eik ( <i>Quercus</i> ), 1 truleg av eik ( <i>Quercus</i> ), 1 ubestemt art av nåletre ( <i>indet.</i> ), 2 ubestemt art av bark ( <i>indet.</i> )
A8366	P10300	Kokegrop	0,9	10 furu ( <i>Pinus</i> )
A10440	P10458	Kokegrop	0,2	1 gran ( <i>Picea</i> ), 4 furu ( <i>Pinus</i> ), 1 truleg av alm ( <i>Ulmus</i> ), 3 av ubestemt art ( <i>indet.</i> ), 1 av hasselnøttskal ( <i>Corylus av.</i> )
A10459	P10522	Kokegrop	0,2	6 furu ( <i>Pinus</i> ), 3 osp ( <i>Populus</i> ), 1 av bark av ubestemt art ( <i>indet.</i> )
A10525	P10751	Mogleg eldstad	0,9	10 furu ( <i>Pinus</i> ), 1 av hasselnøttskal ( <i>Corylus av.</i> )

Analysen viser av materialet fordeler seg på fem sikre vedartar: gran, furu, barlind (bartre) og osp og eik (lauvtre); samt seks usikre artar: truleg alm, lind og eik, ubestemt art av nåletre, ubestemt art mogleg bark og ubestemt art. I tillegg er det identifisert hasselnøttskal frå to prøvar. Nåletre dominerer i trekolmaterialet med mest furu (n=35) og dernest gran (n=11). Andre påviste treartar er sparsamt representert. Materialet består av veldig små trekolstykkje og berre enkelte stykke av yngre greinved er påvist, i tillegg til mogleg bark av ubestemt art. Generelt er trekolet variert og nokso dårleg bevart. Frå kokegrop A8366 og mogleg eldstad A10525 er det utelukkande

identifisert trekol av furu. Førekost av berre éin artstype frå strukturar kan vise til selektiv utveljing av tre til brensel og kan soleis indikere ei isolert hending i tid (Salvig og Mikkelsen 2020). Frå tre kokegroper (A8338, A10440 og A10459) er det påvist mellom fire til seks artar, deriblant sikre artar som furu, gran og osp i tillegg til hasselnøttskal. Frå utvaskingslaget A6154 og frå prøve samla inn frå såld (P8501) er det identifisert mest av gran, deretter furu, barlind, osp og truleg lind.


Funn av gran, barlind, mogleg lind og hasselnøttskal skilje seg ut i materialet frå Blåfjell 1. Gran vert rekna som ein art med sein innvandring til Sør-Noreg, moglegvis rundt eldre jernalder (Salvig og Mikkelsen 2020 mfl. referansar). Vidare kan fråvær av hasseltrekol men funn av hasselnøttskal indikere at hasselnøtter er brakt med til lokaliteten som mat/forsyning (Salvig og Mikkelsen 2020).

## 6.2 C14-DATERING

Totalt er det gjennomført åtte radiologiske dateringar av trekol og forkulla hasselnøttskal frå Blåfjell 1. C14-analysen er utført ved *Laboratoriet för C14-datering, Lunds universitet* (jf. vedlegg 11.9). Av materiale som er C14-datert er det fortsatt att restmateriale av daterte artar (jf. tilvekst, vedlegg 11.4).

**Tabell 15.** Oversikt C14-dateringar frå Blåfjell 1, sortert etter stigande rekkefølge på A-nr.

A-nr./ kontekst	Kontekst	Moh.	Prøvenr.	Datert vedart	C14-år BP	Kal. alder (2 $\sigma$ )	Lab.ref.
A6154	Utvaskings-lag	58,6	P8558	Osp ( <i>Populus</i> )	220 $\pm$ 30	1635–1925 e.Kr.	LuS-16703
A8338	Kokegrop	58,9	P10243a	Gran ( <i>Picea</i> )	150 $\pm$ 30	1665–1950 e.Kr.	LuS-16704
			P10243b	Furu ( <i>Pinus</i> )	185 $\pm$ 30	1650–1915 e.Kr.	LuS-16705
A8366	Kokegrop	58,8	P10300	Furu ( <i>Pinus</i> )	8625 $\pm$ 50	7760–7540 f.Kr.	LuS-16706
A10440	Kokegrop	58,6	P10458b	Furu ( <i>Pinus</i> )	7015 $\pm$ 35	5985–5800 f.Kr.	LuS-16707
			P10458a	Hasselnøttskal ( <i>Corylus av.</i> )	6980 $\pm$ 50	5985–5740 f.Kr.	LuS-16387
A8645/ A10459	Kokegrop	57,8	P10522	Osp ( <i>Populus</i> )	8275 $\pm$ 40	7480–7175 f.Kr.	LuS-16708
A10525	Mogleg eldstad	57,2	P10751	Hasselnøttskal ( <i>Corylus av.</i> )	1600 $\pm$ 30	415–545 e.Kr.	LuS-16709



**Figur 36.** Alle C14-dateringar frå Blåfjell 1 framstilt i eit OxCal-diagram (2 $\sigma$ ; 95,4%). Totalt åtte C14-dateringar (Bronk Ramsey 2009, OxCal version 4.4).

C14-daterte strukturar og lag gav dateringsresultat som indikerer fleire aktivitetsfasar på lokaliteten (Figur 16). Den eldste C14-daterte aktiviteten er representert ved kokegropene A8366 og A8645/A10459, som begge gav dateringar til mellommesolitikum (7760–7540 f.Kr. og 7480–7175 f.Kr.). Den neste aktiviteten er representert ved to C14-dateringar frå kokegropa A10440, datert til seinmesolitikum (5985–5740 f.Kr.). Derneft føreliggjer eitt dateringsresultat frå eldstaden A10525, til folkevandringstid (415–545 e.Kr.). Til sist gav utvaskingslaget A6154 samt kokegropa A8338, tre C14-dateringar til etterreformatisk tid/moderne tid (1635–1950 e.Kr.). Både utvaskingslaget og kokegropa var plassert under kolmila og det er difor svært sannsynleg at det er trekolmateriale frå mila som er datert (jf. Kjeldekritiske problem ovanfor). Sistnemnde C14-resultat representerer truleg kontaminert materiale og vert difor vurdert ugyldige som datering av både utvaskingslaget og kokegropa. Dateringane kan med større sikkerheit fungere som ei indirekte datering av trekolproduksjonen i mila. Sidan kokegropa A8338 og A8366 er vurdert som samanhengande- eventuelt overlappende strukturar, vil C14-dateringane frå A8366 (7760–7540 f.Kr.), indirekte datere A8338.

### 6.3 TYPOLOGISK OG TEKNOLOGISK DATERING

Undersøkinga av Blåfjell 1 har resultert i innsamling av eit representativt gjenstandsmateriale som belyser kronologiske, typologiske og teknologiske trekk, inklusiv materiale som belyser utnyttinga av ulike steinråstoff. Generelt viser kjerne-, flekke- og mikroflekke materialet, samt kjerneprepareringsavfallet (plattformavslag m.m.) at det har vore gjennomført standardisert metode for produksjon av regelmessige flekker og mikroflekker frå koniske kjernar. *Trykkflekke på koniske kjernar*-konseptet er karakteristisk for perioden mellommesolitikum (8300–6300 f.Kr.) i Sør-Noreg, men har vore praktisert fram til ca. 5500 f.Kr., i seinmesolitikum (Sørensen og Rankama mfl. 2013; Carrasco og Eggen mfl. 2014; Melvold og Eigeland 2014; Eigeland 2015; Damlien 2016; Solheim og Damlien mfl. 2020). Konseptet kan settast i samanheng med funn av mikrolittar (lansettar og skeivtrekantar) og eit betydeleg innslag av fragmenterte flekker og mikroflekker. Nærvær av mikrolittar kan truleg snevre inn den typologiske dateringane til tida før eller kring 7000 f.Kr. (Mansrud 2013; Reitan 2016). Mikrolittar og fragmenterte flekker (stiklar/segmenter/linjalar) har samanheng med produksjon og vedlikehald av komposittreiskapar, som t.d. flinteggpilar. Stiklar og flekkesegmenter kan vurderast som formelle reiskapar karakteristisk for sørnorsk mellommesolitikum (Damlien 2016:384-385; Rosenvinge og Persson mfl. 2022:70). Vidare kan dominans av flinråstoff (98,5%) samt få innslag av bipolare kjernar truleg bidra til å underbygge typologisk tidfesting av Blåfjell 1, til ei tid før 7000 f.Kr. (Jaksland 2001:35; Reitan 2016:32).

Vidare er det samla inn to gjenstandar (st. mål 5,3 og 5,5 cm) av flint som på morfologisk grunnlag kan minne om handtakskjernar, typiske for Nøstvetfasen i seinmesolitikum (for *handtakskjernar* sjå m.a. Jaksland 2001:37; Eigeland 2015; Reitan 2016). Gjenstandane vert her definert som usikre forarbeid til plattformkjernar og kan vera uttrykk for standardisert mikroflekkeproduksjon; ein teknologi som i all hovudsak er assosiert med Nøstvettradisjonen i Aust-Noreg. Det er likevel svært mogleg at forarbeida har teknologisk samanheng med kjernematerialet elles frå lokaliteten, og som er handverkstradisjonar praktisert fram til ca. 5500 f.Kr.

Som tidlegare nemnd er trinnøkser og meislar dokumentert i Oslofjordområdet frå tidlegast 7900/7600 f.Kr., og fram mot 5600 f.Kr. (Mansrud 2008; Mjærnum 2012; Koxvold 2013; Mansrud


og Koxvold 2013; Solheim 2013; Eggen 2014; Reitan 2016; Mansrud 2017; Eymundsson og Fossum mfl. 2018). Dette svarar til periodane mellom- og seinmesolitikum. Slipeplater av sandstein har brukstid fram til siste del av seinmesolitikum, til ca. 4500 f.Kr. (Jaksland 2001:37; Reitan 2016:Tabell 10).

Generelt viser funnmaterialet til den mellommesolittiske handverkstradisjonen i Oslofjordområdet (jf. Jaksland 2001; Mansrud 2013b; Damlien 2016; Reitan 2016). Innslag av ulike gjenstandstypar med kjent brukstid fram til ca. 4500 f.Kr i seinmesolitikum, kan potensielt vise at lokaliteten var nytta til ulike tider av eldre steinalder. Likevel, ingen av gjenstandsfunna kan med sikkerheit gi typologisk datering til annan fase enn mellommesolitikum. På teknologisk og typologisk grunnlag skal gjenstandsfunna frå Blåfjell 1, mest truleg plasserast innanfor første halvdel av mellommesolitikum, mellom 7900–7000 f.Kr.

Som tidlegare nemnd er det katalogisert to Eidsborgbryne. Desse er vurdert samtidige med kolmille-aktiviteten, til etterreformatorisk tid.

#### 6.4 STRANDLINJEDATERING

Blåfjell 1 var lokalisert mellom 57–61 moh. I høve til strandforskyvingskurva indikerer høgdeintervallet perioden for når Blåfjell 1 vart tørt land etter siste istid, dvs. tidlegast 7800 f.Kr. og seinast 7400 f.Kr. (Figur 9). Denne perioden faller innanfor fyrste halvdel av mellommesolitikum. På lokaliteten er det påvist to funnkonsentrasjonar lokalisert på to ulike høgdenivå. Funnkonsentrasjonane, felt 1 og 2, representerer dei mest intensivt utnyttede areala av lokaliteten. På grunnlag av desse areala, samt lokaltopografiske tilhøve, kan strandlinjedateringa spesifiserast ytterlegare. Felt 1 har plassering 59 moh. og ligger på ein terrasse forma av eit topografisk platå i terrenget. Denne topografien har gitt særleg gunstig lokalisering for strandbundne opphald med eit havnivå ca. 57–58 meter høgare enn i dag. Felt 2 ligger på ei lita skråna flate mellom 57–58 moh. I søre ende av denne flata skrå terrenget av i retning søraust omtrentleg på nivået 56 moh. Dette dannar ein topografisk terskel som indikerer høgste sannsynlege nivå for samtidig strand. Dersom aktiviteten på Blåfjell 1 var nært knytta til samtidig strand, kan felt 1 strandlinjedaterast til mellom 7800–7500 f.Kr., og felt 2 noko seinare, til mellom 7700–7400 f.Kr. (sjå Figur 9).



**Figur 37.** Plasseringa til Blåfjell 1 med havnivå ca. 56,5 og 58 moh. I første halvdel av mellommesolitikum (ca. 7800–7400 f.Kr.) var Blåfjell 1 lokalisert på austsida av ei øy i Langangsfjorden. Den gang fanst lokaliteten i ei sørvendt bukt i eit skjergardlandskap, midt i fjorden. Kart: Isak Roalkvam/KHM.

## 7 FUNNSPREIING OG AKTIVITETSFLATER

Den generelle funnspreiinga viser to avgrensa konsentrasjonar av steingjenstandar, fordelt på to aktivitetsflater, felt 1 og felt 2 (Figur 38). Utover dette er det samla inn enkelte spreidde steingjenstandar fleire stader på lokaliteten, òg langs ytre grense av sikringssona i nord (Figur 38). Dette reflekterer at eit større areal av lokaliteten har vore i bruk.

Sjølv om funnfrekvensen på felt 1 og felt 2 til dels har samanheng med intensiteten på gravne lag (jf. Figur 11), representerer funnkonsentrasjonane reell tendens. Det skal likevel merkast at grøfta/vollen som inngår i konstruksjonen til kolmila, skjærer av det funnførande utvaskingslaget langsmed nordre og vestre kant av felt 1. Dette betyr at seinare aktivitet på staden (truleg etter reformasjonen) har forstyrra og delvis fjerna delar av det funnførande arealet på terrassen frå steinalder. Dette gir følger for vurdering av omfanget til det funnførande arealet på felt 1. Nedanfor vert spesielt to resultat løfta fram som relevante for å forstå og å kunne diskutere intern buplassorganisering, samt om lokaliteten kan ha hatt fleire bruksfasar (jf. problemstillinga ovanfor og diskusjonen nedst i rapporten).

På felt 1 er det tydeleg fortetting av steingjenstandar sentralt på terrassen (Figur 38). I tillegg synes funnkonsentrasjonen å bestå av to mindre funnsoner (Figur 39– Figur 41). Det er påfallande korleis flekke- og mikroflekkematerialet samt kjerneprepareringsavfallet, nær sagt omkransar kokegropene A8338 og A8366, som to aktivitetssoner. Fordelinga av flintreiskapar på felt 1 kan òg vise same tendens (jf. sekundærtilverka gjenstandar, Figur 43).


Ved samanlikning av arbeidsprosessar som har føregått på dei to aktivitetsflatene, er det tydeleg at det har vore gjennomført produksjon av flekker og mikroflekker begge stader, men av langt mindre omfang på felt 2 (Figur 39–Figur 41). Fordelinga av kjerneprepareringsavfall på felt 1 og felt 2 viser òg at fleire trinn i emneproduksjonen har vore gjennomført på begge aktivitetsflater (Figur 41). Dei fleste formelle reiskapstypar, dvs. ulike bor, skraparar og mikrolittar, er representert på begge felt, men relativt til funnmengda fanst dette reiskapsmaterialet i markant større omfang på felt 2 (Figur 43). Vidare er det samla inn eit lite inventar av ulike bergartsgjenstandar (30 stk.). Generelt reflekterer bergartsmaterialet at det har føregått aktivitetar relatert til bruk, vedlikehald/skjerping eller omarbeiding av trinnøks og meisel på lokaliteten. Det fattige innslaget av avfallsmateriale med naturlege dorsalsider, eller på annan måte typiske for økseproduksjon, stadfestar at det ikkje har føregått produksjon av denne type reiskap, på lokaliteten. Med unntak frå éi einsleg slipeplate av sandstein på felt 2, er alle andre bergartsgjenstandar samla inn frå felt 1 (Figur 42). Dette er ein svært tydeleg forskjell mellom dei to aktivitetsflatene. Distribusjonen av bergartsmaterialet synes òg å inngå i dei nemnde funnsonene på felt 1, samt respekterer plasseringa til kokegropene.

I samandrag kan gjenstandstypar, funnomfanget, identifiserte strukturar og lokaltopografiske tilhøve på lokaliteten, vise til to avgrensa aktivitetsflater frå eldre steinalder på Blåfjell 1. På felt 1 har konsentrasjonen av steingjenstandar og kokegropar eit minimum omfang på om lag 36 m<sup>2</sup>. På felt 2 har omfanget på konsentrasjonen truleg ikkje vore mykje større enn 20 m<sup>2</sup>. Utover dette vart det påvist eit funnførande område langs sikringssona i nord. Denne delen av lokaliteten er berre delvis undersøkt men det kan tenkast at funnfrekvensen indikerer ein ytterlegare funnkonsentrasjon lokalisert tett på, men utanfor den administrative grensa til lokaliteten i nord.




**Figur 38.** Den generelle funnspreinga av steingjenstandar på Blåfjell I. Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_387.






Figur 39. Romleg fordeling av alle flekkefunn av flint. Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_388.




**Figur 40.** Romleg fordeling av alle mikroflekkefunn av flint. Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_389.



**Figur 41.** Romleg fordeling av alle kjerner (svart farge) og alt av kjerneprepareringsavfall (blå farge), alle av flint. Kart: Nora S. K. Hansen/KHM. Cf53788\_391.



**Figur 42.** Romleg fordeling av bergartsgjenstandar. Blå farge representerer kategorien «bergart» og lilla, sandstein. Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_393.



**Figur 43.** Romleg fordeling av sekundærtilverka gjenstandar. Svart og blå farge representerer formelle reiskapar, og grøn farge syner uformelle reiskapar. I tillegg, eitt funn av bergkrystall.

Kart: Nora S. K. Hansen/KHM, Cf53788\_392.

## 8 VURDERING AV UTGRAVINGSRESULTAT, TOLKING OG DISKUSJON

Den arkeologiske undersøkinga av Blåfjell 1–4 på Sundsåsen, hadde som hovudmålsetting å bidra til og forstå endring i busetnad, innanfor eit avgrensa landskapsrom og innanfor ein tidsintervall på 1500–2000 år, av mellom- og seinmesolitikum (jf. 4.5 Problemstillingar og prioriteringar). I samandrag har utgravinga av Blåfjell 1 resultert i innsamling og dokumentasjon av fleire arkeologiske kjelder veileigna til å klargjere fleire prosjektrelevante spørsmål. Nedanfor følgjer ei samanfattande tolking og diskusjon av resultat.

På bakgrunn av omfanget på- og karakteren til gjenstandsfunna, i kombinasjon med funn av fleire C14-daterte strukturar, har undersøkinga av Blåfjell 1 synt at lokaliteten har spor etter fleire, truleg episodiske og korte opphald i mesolitikum.



**Figur 44.** Blåfjell 1-4 på sørenden av Sundsåsen, med Langangen bru og Langangsfjorden. Mot sør. Dronefoto: S. Kristensen/KHM.

I den eldste fasen av mesolitikum, var lokaliteten strandbunden. Den lågareliggende delen, felt 2 i sørvest, hadde særskilt eigna topografiske tilhøve ved havnivå omtrentleg 56 meter over dagens nivå. I høve til den lokale strandforskyvingskurva svarar dette til fyrste halvdel av mellommesolitikum, mellom 7700–7400 f.Kr. Dette tidsrommet kan relaterast til C14-alderen på to av kokegropene, til periodane 7760–7540 f.Kr., og til 7480–7175 f.Kr. (LuS-16706, -16708, og Figur 16). C14-dateringane underbygger at Blåfjell 1 var besøkt gjentekne gongar innanfor ein periode på ca. 600 år av mellommesolitikum. I tillegg kan innsamla steingjenstandar på teknologisk og typologisk grunnlag, i all hovudsak tidfestast til mellom 7900 og 7000 f.Kr. I samandrag kan dei eldste aktivitetsspor frå Blåfjell 1 relaterast til ulike tidsavsnitt innanfor første halvdel av mellommesolitikum, mellom 7800 og 7200 f.Kr.

I denne fasen fanst lokaliteten i ei sør- og søraustvendt bukt, på austsida av ei øy, midt i Langangsfjorden (Figur 37). Felt 1 var eksponert for sørleg vind medan felt 2 låg meir i le tett inntil dalsida mot vest. I dag er felt 2 også skjerma av kampesteinar mot sør (jf. Figur 11 og Figur 12). Nedanfor plataet på lokaliteten, fanst open hamn som gav tilkomst med båt og godt utsyn i retning sør/søraust, mot fjorden. I løpet av denne tida vil stranda flytte seg omtrentleg 80 meter i

luftlinjeavstand, ned til eit nivå ca. 50 moh. (Figur 9). Denne 600 år lange perioden representerer tida for når Blåfjell 1 var bunden av strand og strandnær.

På bakgrunn av at kokegropene var plassert på ulike felt, i kombinasjon med funn av mikrolittar begge stader (typ.dat. til tida før 7000 f.Kr.), var det truleg temporal samanheng mellom aktivitetsflatene i denne fasen. Tidsspennet mellom eldste (A8366: 7760–7540 f.Kr.) og yngste (A8645/10459: 7480–7175 f.Kr.) kokegrop, samt at to kokegroper (A8366 og A8338) på felt 1 hadde blanda/overlappende kontekstar, opnar for å føreslå at kokegroper vart ombrukt og at lokaliteten må ha hatt fleire besøk. Vidare var det påfallande korleis spesielt kjerne- og avfallsmaterialet nær sagt omkransa kokegropene, A8338 og A8366 på felt 1, som to avgrensa funnsoner (Figur 38). På felt 2 fanst også fortetting av steingjenstandar i samband med ei kokegrop. Plasseringa av kokegroper og gjenstandsfunn synes å vera organisert på begge aktivitetsflater. Denne observasjonen kan reflektere samtidighet mellom dei aktivitetar som funnkonsentrasjonane representerer samt respektive C14-daterte kokegroper, internt på kvar aktivitetsflate. Vidare kunne fordelinga av funn mellom aktivitetsflatene indikere at det også har føregått ulike aktivitetar på flatene. På felt 1 var 2,3 % (43 stk.) av det totale funnmaterialet (1789 stk.) sekundærtverka gjenstandar av flint. Til samanlikning var heile 7 % (32 stk.) av totalt 453 steingjenstandar frå felt 2, sekundærpåverka flintgjenstandar (Figur 43). Ein annan tydeleg forskjell var at alle bergartsgjenstandar fanst isolert til felt 1, dette med unntak frå éi slipeplate (Figur 42). Eit større omfang av reiskapar på felt 2, samt ulik fordeling av bergartsgjenstandar, kan indikere at felta var busett samtidig, men at buplassflatene tente ulike funksjonar; at lokaliteten hadde ei bestemt organisering av jakt- og hushaldningsoppgåver. Alternativt kan buplassflatene reflektere aktivitetar frå ulike besøk.

I samandrag hadde Blåfjell 1 *to* aktivitetsflater som bestod av kvar sin funnkonsentrasjon i kombinasjon med enkelte kokegroper. Måten lokaliteten var organisert på og forskjellar internt og mellom funnkonsentrasjonane, kan indikere at buplassflatene representerer ulike aktivitetar gjennomført innanfor kortvarige besøk over fleire episodar, moglegvis fleire gonger i perioden 7800–7200 f.Kr. Om aktivitetsflatene hadde vore nytta over lang tid, kunne ein forvente større omfang på akkumulert funnmateriale, meir samanblanda aktivitetsflater, og truleg fleire strukturar. Samanlikna med andre samtidige lokalitetar frå Oslofjordområdet kan Blåfjell 1 karakteriserast som ein relativt typisk («mellomstor») lokalitet frå mellommolitikum, både av omsyn til storleik, omfang på aktivitetsspor, funn og råstoffbruk (Mansrud og Eymundsson 2016:32). Denne type lokalitet er gjerne tolka som uttrykk for logistisk mobilitet, hos jeger- og sankarfolk med lokal eller meir stadbunden og forankra busetnadsmønster (Binford 1980, 1982). Slike lokalitetar kan spegle aktivitetar og opphald utanfor basisbuplassar, men innanfor eit større busetnadssystem (Binford 1982:20-21). Det er føreslått at det skjedd ei utvikling mot meir stabile busetnadssystem omkring 7500 f.Kr. i Oslofjordområdet (Mansrud 2014; Solheim og Persson 2016), og lokalitetar som Blåfjell 1 bør difor vurderast saman med andre samtidige buplassar innanfor eit større, samanhengande landskapsområde.

Perioden mellom 7800–7200 f.Kr. representerer tida for når Blåfjell 3 ID222341 (49–57 moh.), lokalisert rett sør for Blåfjell 1, vart tørt land (Figur 44). C14-daterte beinfunn, hasselnøtskal og trekol frå kokegroper, lag m.m., viser arkeologisk samtidighet mellom Blåfjell 1 og -3, samt Blåfjell 2 ID222340 (Reitan 2022a, b). Blåfjell 2 fanst lokalisert på ein liten terrasse 54–56 moh. rett sørvest for Blåfjell 3. Lokalitetane tyder på delvis samtidig aktivitet, eventuelt liknande bruk av ulike delområde på Sundsåsen, innanfor eit større busetnadsområde i tilknytning til fjorden.

Om ein ynskjer å heve blikket kan eldste bruksfase på Blåfjell 1 sjåast i samanheng med lokalitetane Sundsaaen 1 og Prestemoen 1, begge tidfesta til tida mellom 7900–7600 f.Kr., og begge undersøkt i samband med Vestfoldbaneprosjektet (Eggen 2014; Melvold og Persson 2014; Persson 2014). Samanlagt representerer nemnte lokaliteter eit fint grunnlag for å vurdere variasjon i typar lokalitetar innanfor eit større område og frå same periode.

Blåfjell 1 hadde i tillegg aktivitetsspor frå seinmesolitikum. Dette tidsrommet kan ikkje daterast ved samtidig strandlinje og er berre påvist ved éi kokegrop (A10440) på felt 1, og som gav C14-dateringar til mellom 5985–5740 f.Kr. (LuS-16707, LuS-16387). Sidan det er påvist diagnostiske gjenstandsfunn på Blåfjell 1 som tenkeleg kan vera samtidig med kokegropa, kan ein ikkje utelukke at seinare aktivitet i seinmesolitikum kan ha etterlate gjenstandsfunn (jf. avsnitt 6.3 ovanfor om typologi). Typesikre funn som trinnøks og slipeplater, koniske kjernar m.m., som alt kan vera samtidig med den C14-daterte kokegropa, synes å inngå i den romlege organiseringa av aktivitetsflata frå mellommolitikum. Frå eit reint romleg perspektiv synes kokegropa A10440 å vera plassert bortanfor og utanom funnkonsentrasjonen frå mellommolitikum, på felt 1 (Figur 40–Figur 43). Delvis same observasjon kan gjelde for ein bipolar kjerne og eit mogleg forarbeid til plattformkjerne, samla inn frå område utanfor funnkonsentrasjonar (jf. Figur 38, Figur 41–Figur 43). Begge gjenstandstypar kan assosierast med reiskapsteknologi vanleg innanfor Nøstvettradisjonen i Aust-Noreg, dvs. etter ca. 5700/5600 f.Kr. (for kronologi jf. Reitan 2016, 2022c). Vurdert samla gir nemnte funn og kokegropa A10440, inntrykk av å opptre som enkeltstående hendingar og utan direkte samanheng med aktivitetsflata frå mellommolitikum.

I perioden mellom 6000–5700 f.Kr., var samtidig havnivå om lag 44–46 moh. og Blåfjell 1 var lokalisert 10–12 moh., og ca. 90 meter i luftlinjeavstand frå samtidig strand (Figur 9). Denne fasen samanfalle med Blåfjell 4 ID 222342 lokalisert på ein større terrasse sør for Blåfjell 1 (Figur 6, Figur 44). Blåfjell 4 har busetnadsspor tidfesta til mellom 6200–5600 f.Kr. (Reitan og Øynebråten 2022). Samanfallet i tid indikerer at Blåfjell 1 truleg var eit aktivitetsområde i dalgangen bakanfor det primære buplassområdet på Blåfjell 4. Blåfjell 1 fungerer som eit eksempel på korleis omliggande landskapsrom, dvs. områda umiddelbart utanfor dei arkeologisk synlege areala av buplassen (dvs. Blåfjell 4) var del av og vart nytta i lokaliteten si samtid (Reitan og Øynebråten 2022).

Ombruk av lokalitetar frå tidleg- eller mellommolitikum, er berre unntaksvis påvist i Oslofjordområdet (for eksemplar jf. lokalitetane Martineåsen i Larvik og Dørdal i Bamble, i Eymundsson 2014; Solheim og Koxvold mfl. 2017). Som regel er lokalitetane frå denne perioden vurderte som stader besøkt innanfor éin kronologisk fase. Årsak til kvifor Blåfjell 1, og kanskje andre liknande tilfelle vart ombrukt og besøkte i seinare tider, kan henge saman med spesifikke kvalitetar ved landskapsrommet. Dalgangen der Blåfjell 1–4 er plassert skilje seg ut både fordi området over lang tid var lokalisert på ei øy i ein større fjord; heldig og strategisk med tanke på stabile tilgangar til marine matressursar, men òg ved kvalitetar som *godt utsyn* samt *terrasseprega topografi med sørvendt helling*. I tilfelle der lokalitetar faktisk vert ombrukte/besøkte att i seinare fasar, er godt utsyn, eller utsyn over ein dal fremma som viktig kvalitet for busetnadsområdet (Schülke 2020:376). Frå Blåfjell 1 kan ein sjå fleire fall i terrenget, og som danna terrassar i sørleg retning mot fjorden. Det er lett å forstå at slike godt posisjonerte hellande flater med fjordutsikt, må ha vore sentrale kvalitetar for val av dalgangen som buplassområde, over så lang tid. Med dette



som bakgrunn kan aktiviteten frå seinmesolitikum, på Blåfjell 1, representere *bruk* av dalgangen på Sundsåsen, heller enn *ombruk* av lokaliteten Blåfjell 1. På bakgrunn av ovannemnte kan kulturhistorisk aktivitet på Blåfjell 1 dimed utfordre og tøye vår forståing av «lokalitet» som omgrep.

Prosjektet E18 Langangen–Lanner har resultert i fleire innsikter om busetnadsutviklinga, spesielt i tidsspennet frå 7800 f.Kr. til 4600 f.Kr. (Reitan 2022a, b; Reitan og Øynebråten 2022). Denne utviklinga bør vurderast nært opp mot fjorden som ressurs og ferdselsåre, samt settast i samband med korleis spesifikke landskapsrom og -kvalitetar kan vera uttrykk for forankring og erindring. Langangsfjorden var truleg spesielt attraktivt område for busetnad i mesolitikum.

Avslutningsvis kan det nemnast at det til tross for seinare forstyrningar på Blåfjell 1, fantes uventa gode bevaringstilhøve i denne dalgangen. Erodert grus frå omliggande dalsider hadde fleire stader overlagra og til dels konservert spor frå eldre steinalder. Eit eksempel på dette var ei kokegrop med svært mørke og kolhaldige fyllmassar, C14-datert til 7480–7175 f.Kr. (LuS-16708). I rapporten er det foreslått at nivået av utvaskingslaget på felt 1, ein gong har representert opphavg markoverflate på lokaliteten. Overliggende erosjonsgrus hadde til dels beskytta dette funnførande nivået frå den mykje seinare kolmile-aktiviteten. Dette medfører at aktivitetsflata på felt 1 med strukturar og funn, fanst i primærleie. Ved seinare arkeologiske undersøkingar i liknande område er det verdt å notere seg at smale dalgangar med rasmassar, kan gi heldige forhold for konservering av førhistoriske kulturspor. I slike tilfelle kan ekstra dagsverk til gravemaskinarbeid tilsikta fjerning av erosjonsmassar, vera svært formålstenleg.

## 9 SAMANDRAG

I samband med reguleringsplan for bygging av ny E18 på delstrekninga Langangen–Lanner i Porsgrunn kommune i Vestfold og Telemark fylke, gjennomførte Kulturhistorisk museum arkeologiske undersøkingar av lokaliteten Blåfjell 1 (ID222339), i perioden 11. mai–21. august 2020. Lokaliteten låg i kupert og slakt skråna terreng, i ein nord-sørgående dalgang. Her vart det påvist eit busetnad-/aktivitetsområde frå mellom- og seinmesolitikum fordelt på to avgrensa flater, 57–61 moh. Aktivitetsflatene kan karakteriserast som funnkonsentrasjonar med kokegroper. Den største flata (>36 m<sup>2</sup>) fanst på ein sentral terrasse, og den andre (ca. 20 m<sup>2</sup>) på ei mindre kupert flate i sørvestleg ende av lokaliteten. I tillegg vart det påvist eit funnførande område i ytterkant av lokaliteten i nord. Det samla omfanget var omtrentleg 930 m<sup>2</sup>. Om lag 164 m<sup>2</sup> (17,61 %) av arealet vart flate-/rutegrave hovudsakleg i inntil to mekaniske lag (<0,2 m). Det vart samla inn 2275 steingjenstandar, inklusiv ni flintgjenstandar frå registreringa til Telemark FK. Totalt var 98,5 % av steingjenstandane av flint og elles av sandstein og ulike basaltar. Av gjenstandsfunna var 3,8 % identifisert som sekundært tilverka steingjenstandar. I tillegg vart det katalogisert 19 prøvar av trekol og eitt funn av hasselnøttskal. I alt har sju vitskapelege material fått vedanatometisk analyse og åtte er C14-analysert. Den mest omfattande aktiviteten er tidfesta ved hjelp av typologi/teknologi, to C14-dateringar og strandlinjedatering, til første halvdel av mellommesolitikum, ca. 7800–7200 f.Kr. Lokaliteten har truleg vore besøkt fleire gonger i tidsrommet når lokaliteten var strandbunden. Utover dette kunne C14-datering av ei kokegrop vise til mykje seinare besøk i seinmesolitikum, ca. 6000–5700 f.Kr. I tillegg er ein eldstad C14-datert til folkevandringstid (415–545 e.Kr.). Lokaliteten hadde til dels gode bevaringstilhøve, men ei etterreformatorisk kolmile hadde forstyrra ein sentral del av aktivitetsområde frå steinalder.

## 10 LITTERATUR

- Baug, Irene, Tom Heldal, Øystein J. Jansen og Dagfinn Skre  
2020 Brynesteiner i Ribe – fra fjerne utmarksområder til sentrale markeder. *By, marsk og geest* 32. *Kulturhistorisk tidsskrift for Sydvestjylland* (32):44–59
- Binford, Lewis R.  
1980 Willow Smoke and Dogs' Tails: Hunter-Gatherer Settlement Systems and Archaeological Site Formation. *American Antiquity* 45(1):4-20  
1982 The archaeology of place. *Journal of Anthropological Archaeology* 1(1):5-31
- Bjørn, Anathon  
1932 Nye steinaldersfund fra Østfold og Telemark. *Universitetets Oldsaksamling Årbok 1930*:1–35
- Carrasco, Lotte, Inger Margrete Eggen, Lotte Eigeland, Guro Fossum, Stine Melvold, Per Persson og Gaute Reitan  
2014 Gunnarsrød 6. Et boplassområde fra overgangen Mellommesolitikum-Seinmesolitikum. I *Vestfoldbaneprosjektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og mellommesolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*, redigert av S. Melvold og P. Persson, s. 277-308. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.
- Damlien, Hege  
2016 Between Tradition and Adaptation. Long-term trajectories of lithic tool-making in South Norway during the postglacial colonization and its aftermath (c. 9500-7500 cal. BC). Upublisert ph.d.-avhandling, Faculty of Social Sciences. Museum of Archaeology, University of Stavanger.
- Damlien, Hege, Inger Marie Berg-Hansen og Lucia U. Koxvold  
2017 under arbeid. Forslag til revidert katalogiseringsmal for slåtte steinartefakter (massemateriale). Upublisert manuskript datert 26. januar 2017. ed, Kulturhistorisk museum, UiO.
- Damlien, Hege, Stine Melvold og Per Persson  
2010 Utgravningsmetode. I *Steinalderundersøkelser ved Rena Elv. Gråfjellsprosjektet* redigert av K. Stene, s. 67-75. Varia Bind III. Kulturhistorisk Museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo Oslo.
- Eggen, Inger Margrete  
2014 Sundsaasen 1. En lokalitet fra første halvdel av mellommesolitikum med funn av trinnøks og bergartsavfall. I *Vestfoldbaneprosjektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og mellommesolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*, redigert av S. Melvold og P. Persson, s. 159-177. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.
- Eigeland, Lotte  
2015 Maskinmennesket i steinalderen. Endring og kontinuitet i steinteknologi fram mot neolitiseringsen av Øst-Norge. Upublisert ph.d.-avhandling, Universitetet i Oslo.
- Eskeland, Knut F.  
2017 *Rapport arkeologisk registrering. E18 Langangen Rugtvedt 16/06999, Porsgrunn og Bamble kommune*. Telemark fylkeskommune. Upublisert rapport,
- Eymundsson, Carine, Guro Fossum, Lucia U. Koxvold, Anja Mansrud og Axel Mjærum

- 2018 Axes in transformation: a bifocal view of axe technology in the Oslo Fjord area, Norway, c. 9200–6000 cal BC. I *The Technology of Early Settlement in Northern Europe. Transmission of Knowledge and Culture*, redigert av K. Knutsson, H. Knutsson, J. Apel og H. Glørstad, s. 201–229. The Early Settlement of Northern Europe, Vol. 2. Equinox Publishing, South Yorkshire.
- Eymundsson, Carine S. R.  
2014 *Rapport arkeologisk utgravning. Steinalderlokalitet, Anvik, 4067/9, Larvik, Vestfold*. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo. KHMs arkiv,
- Glørstad, Håkon  
2006 *Faglig program. Bind 1. Steinalderundersøkelser*. Varia 61. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Helskog, Knut, Svein Indrelid og Egil Mikkelsen  
1976 *Morfologisk klassifisering av slåtte steinartefakter*. Universitetets Oldsaksamling Årbok 1972-1974. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Henningsmoen, Kari  
1979 En karbon-datert strandforskyvningskurve fra søndre Vestfold. I *Fortiden i søkelyset. 14C datering gjennom 25 år*, redigert av R. Nydal, S. Westin, U. Hafsten og S. Gulliksen, s. 239-247. Laboratoriet for Radiologisk Datering, Trondheim.
- Ingstad, Anne Stine  
1970 Steinalderboplassen Rognlien i Eidanger: Et bidrag til belysningen av yngre steinalder i Telemark. *Universitetets Oldsaksamling Årbok 1967–1968*:19-139
- Jaksland, Lasse  
2001 *Vinterbrolokalitetene - en kronologisk sekvens fra mellommesolitikum i Ås, Akershus*. Varia 52. Universitetets kulturhistoriske museer, Oldsaksamlingen, Universitetet i Oslo, Oslo.
- 2012a *E18 Brunlanesprosjektet. Bind II. Undersøkte lokaliteter fra tidligmesolitikum* Varia 80. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, Oslo.
- 2012b *E18 Brunlanesprosjektet. Bind III. Undersøkte lokaliteter fra tidligmesolitikum og senere* Varia 81. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, Oslo.
- 2014 Strandtilknytning og strandlinjedatering. I *E18 Brunlanesprosjektet. Bind I. Forutsetninger og kulturhistorisk sammenstilling*, redigert av L. Jaksland og P. Persson, s. 33-43. Varia 79. Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Jaksland, Lasse og Per Persson  
2014 *E18 Brunlanesprosjektet. Bind I. Forutsetninger og kulturhistorisk sammenstilling*. Varia 79. Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Koxvold, Lucia U.  
2013 Hovland 2 – En mellommesolittisk lokalitet med flere opphold og et råstoffdepot. I *E18 Bommestad-Sky. Undersøkelser av lokaliteter fra mellommesolitikum, Larvik kommune, Vestfold fylke*, redigert av S. Solheim og H. Damlien, s. 78-104. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Kristiansand.
- Larsen, Jan Henning  
2009 *Jernvinneundersøkelser. Faglig program. Bind 2*. Varia 78. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Mansrud, Anja

2008 Rødbøl 54 – boplasspor fra mellommesolitikum og kokegropfelt fra eldre jernalder. I *Steinalderboplasser, boplasspor, graver og dyrkningsspor. E18-prosjektet Vestfold. Bind 2*, redigert av L. E. Gjerpe, s. 235-267. Varia 72. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, Oslo.

2013 En mikrolitt til besvær? Typologi, kronologi og komposittredskaper i østnorsk mellommesolitikum. I *VIKING. Norsk arkeologisk årbok. Bind LXXVI – 2013*, s. 63-86. Norsk Arkeologisk Selskap, Oslo.

2014 Mobil eller bofast? Erverv, landskap og mobilitet i mellommesolittiske kystsamfunn i Øst-Norge (8300–6300 f. Kr.). *Norsk Maritimt Museum Årbok 2013:67–108*

2017 Erverv som kosmologi? En relasjonell tilnærming til dyrebein, boplassmønstre og teknologi i mellommesolittiske kystsamfunn i det nordøstlige Skagerak (8300-6300 f.Kr.). Upublisert ph.d.-avhandling, Institutt for arkeologi, konservering og historie. Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.

Mansrud, Anja og Carine Eymundsson

2016 Socialized landscapes? Lithic clusters, hearths and relocation rituals at Middle Mesolithic sites in Eastern Norway. *Fennoscandia archaeologica XXXIII:27–55*

Mansrud, Anja og Lucia U. Koxvold

2013 Hovland 5 – En mellommesolittisk lokalitet med spor av økseproduksjon. I *E18 Bommestad-Sky. Undersøkelser av lokaliteter fra mellommesolitikum, Larvik kommune, Vestfold fylke*, redigert av S. Solheim og H. Damlien, s. 57-76. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Oslo.

Marstrander, Sverre

1946 En heller på Håøya ved Langesund. *Viking: Tidsskrift for norrøn arkeologi* Bind X:95-121

Matsumoto, Mieko

2006 Rettledning for katalog- og tilveksføring av steinaldermateriale, edited by A. s. Kulturhistorisk museum, pp. 1-36. Upublisert manuskript ed.

Melvold, Stine

2014 Vestfoldbaneprosjektets bakgrunn og administrative forhold. I *Vestfoldbaneprosjektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og mellommesolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*, redigert av S. Melvold og P. Persson, s. 10-23. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.

Melvold, Stine og Lotte Eigeland

2014 Langangen vestgård 1. en boplass fra siste del av mellommesolitikum med trinnøksproduksjon og strukturer. I *Vestfoldbaneprosjektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og mellommesolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*, redigert av S. Melvold og P. Persson, s. 239-276. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.

Melvold, Stine og Per Persson

2014 *Vestfoldbaneprosjektet: Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og mellommesolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.

Melvold, Stine, Gaute Reitan, Inger Margrete Eggen og Lotte Eigeland

2014 Utgravningsstrategi, metode og dokumentasjon. I *Vestfoldbaneprosjektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og*

*mellommessolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*, redigert av S. Melvold og P. Persson, s. 60-71. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.

Mikkelsen, Egil

1989 *Fra jeger til bonde: Utviklingen av jordbruksamfunn i Telemark i steinalder og bronsealder*. Universitetets Oldsaksamling Skrifter. Ny rekke. Nr. 11. Universitetets Oldsaksamling Oslo.

Mjærum, Axel

2012 Bosetningsspor fra mellommessolitikum og bosetnings- og dyrkningsspor fra eldre jernalder. Unnerstvedt og Ragnhildrød (lokalitet 35). I *E18-prosjektet Gulli-Langåker. Jordbruksbosetning og graver i Tønsberg og Stokke. Bind 2.*, redigert av L. E. Gjerpe og A. Mjærum, s. 19-71. Fagbokforlaget, Oslo.

2018 *Rapport arkeologisk utgravning. Mellommessolittiske groptufter, bosetningsspor fra bronse- og jernalder og kullgrop fra nyere tid. Eidsberg fengsel, Østereng, 51/6, Eidsberg, Østfold*. Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo. KHMs arkiv.<https://www.duo.uio.no/handle/10852/60027>

Müller, Karl Vibe og Anne Stine Ingstad

1965 Sluppan. En fangstboplass fra yngre steinalder i Telemark. *Viking: Tidsskrift for norrøn arkeologi* Bind XXIX:77-112

Narmo, Lars Erik

1996 Fra "kola men" til kullbrenner. . I *Årbok for Norsk Skogbruksmuseum. Skogbruk, jakt og fiske.*, redigert av T. Fossum, s. 23-53, Elverum.

1997 *Jernvinne, smie og kullproduksjon i Østerdalen. Arkeologiske undersøkelser på Rødsmoen i Åmot 1994-1996*. Varia 43. Universitetets oldsaksamling, Institutt for arkeologi, kunsthistorie og numismatikk, Oslo.

Naturhistorisk museum, UiO

2021 Fylkesstein for Telemark: Brynestein. Elektronisk dokument, <https://www.nhm.uio.no/kunnskapsunivers/geologi/bergarter/fylkesstein/telemark.html>, vitja 10. mai 2021.

Nyland, Astrid J. og Tina Amundsen

2012 Bakke - boplass fra tidligmesolitikum. I *E18 Brunlanesprosjektet. Bind III. Undersøkte lokaliteter fra tidligmesolitikum og senere* redigert av L. Jakslund, s. 143-197. Varia 81. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, Oslo.

Persson, Per

2008 Nauen 5.2 – Stenåldersboplatser och fossil åkermark. I *E18-prosjektet Vestfold, Bind 2, Steinalderboplasser, boplassspor, graver og dyrkningsspor*, redigert av L. E. Gjerpe, s. 163-198. Varia 72. Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, Oslo.

2014 Prestemoen 1. En plats med ben från mellanmesolitikum. I *Vestfoldbaneprojektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og mellommessolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*, redigert av S. Melvold og P. Persson, s. 202-227. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.

Rankama, Tuija og Jarmo Kankaanpää

2011 First evidence of eastern Preboreal pioneers in arctic Finland and Norway. *Quartär* 58:183-209



Reitan, Gaute

2016 Mesolittisk kronologi i Sørøst-Norge – et forslag til justering. I *VIKING. Norsk arkeologisk årbok. Bind LXXIX - 2016*, s. 23-51. Norsk Arkeologisk Selskap, Oslo.

2022a *Rapport arkeologisk utgravning. Blåfjell 2, en strandbunden lokalitet fra mellommesolitikum, E18 Langangen-Lanner-prosjektet, delrapport 2. Solhaug u. Sundsaaen, 19/6, Porsgrunn, Vestfold og Telemark fylke.* Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo. KHMs arkiv,

2022b *Rapport arkeologisk utgravning. Blåfjell 3, en strandbunden lokalitet fra mellommesolitikum, E18 Langangen-Lanner-prosjektet, delrapport 3. Solhaug u. Sundsaaen, 19/6, Porsgrunn, Vestfold og Telemark fylke.* Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo. KHMs arkiv,

2022c A revised chronology of the Mesolithic in Southeast Norway. I *The Stone Age Conference in Bergen 2017*, s. 183-227. UBAS - University of Bergen Archaeological Series 12, N. Anfinset, R. Barndon, K. A. Bergsvik, S. Diinhoff og L. L. Forsberg, general editor. University Museum of Bergen and Department of Archaeology, History, Cultural Studies, and Religion, Bergen.

Reitan, Gaute og Per Persson

2014 *Vestfoldbaneprosjektet: Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 2: Seinmesolittiske, neolittiske og yngre lokaliteter i Vestfold og Telemark.* Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.

Reitan, Gaute og Nora N. Øynebråten

2022 *Rapport arkeologisk utgravning. Blåfjell 4, en flerfaset, strandbunden lokalitet fra overgangen mellommesolitikum-seinmesolitikum, E18 Langangen-Lanner-prosjektet, delrapport 4. Solhaug u. Sundsaaen, 19/6, Porsgrunn, Vestfold og Telemark fylke.* Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo. KHMs arkiv,

Rosenvinge, Carine S. , Per Persson, Hege Damlien, Solveig S. Lyby, John A.M. Havstein, Sverre Magnus Stubberud, Karin Lindboe, Synnøve Viken, Lucia U. Koxvold, Alexander Søbakken og Linnea S. Johannessen

2022 *Rapport arkeologisk utgravning. Oslofjordforbindelsen, trinn 2. Delrapport 1. Sammenfattende rapport. Froen 38/1, Rommerud (39/1), Stubberud (40/1), Kongsdelene (356/1), Verpen (353/13, 358/1), Frogn og Asker kommuner, Viken.* Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo. KHMs arkiv. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/94461>

Salvig, Karen V. og Peter H. Mikkelsen

2020 *Rapport vedr. detaljeret vedatomisk analyse af 7 prøver fra KHM 2020/3387, prosjektkode: 220422, E18 Langangen-Lanner, Blåfjell 1 (C61033), Porsgrunn kommune, Vestfold og Telemark fylke (FHM 4296/3363).* Afdeling for Konservering og Naturvidenskap, Moesgaard Museum. Upublisert analyserapport,

Schülke, Almut

2020 First visit or revisit? Motivations of mobility and the use and reuse of sites in the changing coastal areas of Mesolithic southeastern Norway. I *Coastal Landscapes of the Mesolithic. Human Engagement with the Coast from the Atlantic to the Baltic Sea*, redigert av A. Schülke, s. 359-393. Routledge, Oxon.

Sjöström, Arne og Björn Nilsson

2009 "Rulers" of southern Sweden: Technological aspects of a rediscovered tool. I *Mesolithic Horizons. Papers presented at the Seventh International Conference on the Mesolithic in Europe, Belfast 2005*, redigert av R. S. Sinéad B. McCartan, Graeme Warren, Peter Woodman, s. 788–794. Oxbow Books, Oxford.



Skjelsvik, Elizabeth

1961 Four Iron Age rock shelters at Lerstang, Eidanger parish, Telemark. I *Bericht über den V Internationalen Kongress für Vor- und Frühgeschichte*, redigert av I. G. Bersu og R. Dehn, s. 755-759. Verlag Gebr. Mann, Berlin.

Skøien, Svein

2003 *Jordlære. Teknisk fagskole, linje for naturbruk. Fordypningsområde plantedyrking*. GAN Forlag AS, Oslo.

Solheim, Steinar

2013 Sammenfatning av resultater og trender i det arkeologiske materialet. I *E18 Bommestad-Sky. Undersøkelser av lokaliteter fra mellommesolitikum, Larvik kommune, Vestfold fylke*, redigert av S. Solheim og H. Damlien, s. 255-275. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Kristiansand.

2017 *E18 Rugtvedt-Dørdal. Arkeologiske undersøkelser av lokaliteter fra steinalder og jernalder i Bamble kommune, Telemark fylke*. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Oslo.

2020a Mesolithic coastal landscapes: Demography, settlement patterns and subsistence economy in southeastern Norway. I *Coastal Landscapes of the Mesolithic. Human Engagement with the Coast from the Atlantic to the Baltic Sea*, redigert av A. Schülke, s. 44-72. Routledge, Oxon.

2020b Prosjektplan. Undersøkelse av automatiske fredete kulturminner (id 222339, 222340, 222341, 222342, 223228, bosetning og aktivitetsområde). Forslag til reguleringsplan for E18 Langangen–Lanner, Regulering nord. Div. gnr/bnr, Porsgrunn kommune, Telemark fylke. , edited by A. s. Kulturhistorisk museum. Upublisert prosjektplan ed. KHMs arkiv, Oslo.

2021 Strategier for utgravning av lokaliteter fra steinalder. I *Steinalderen i Sørøst-Norge. Faglig program for steinalderundersøkelser ved Kulturhistorisk museum*, redigert av H. Damlien, I. M. Berg-Hansen, L. Melheim, A. Mjærum, P. Persson, A. Schülke og S. Solheim, s. 172-176. Kulturhistorisk museum og Cappelen Damm Akademisk, Oslo.

Solheim, Steinar og Hege Damlien

2013 *E18 Bommestad-Sky. Undersøkelser av lokaliteter fra mellommesolitikum, Larvik kommune, Vestfold fylke*. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Kristiansand.

Solheim, Steinar, Hege Damlien og Guro Fossum

2020 Technological transitions and human-environment interactions in Mesolithic southeastern Norway, 11 500–6000 cal. BP. *Quaternary Science Reviews* 246

Solheim, Steinar, Lucia U. Koxvold og John A. Havstein

2017 Dørdal. En lokalitet fra tidligmesolitikum. I *E18 Rugtvedt-Dørdal. Arkeologiske undersøkelser av lokaliteter fra steinalder og jernalder i Bamble kommune, Telemark fylke.*, redigert av S. Solheim, s. 137-151. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Oslo.

Solheim, Steinar og Dag Erik Færø Olsen

2013 Hovland 3. Mellomesolitisk boplass med hyttetuft. . I *E18 Bommestad-Sky. Undersøkelser av lokaliteter fra mellommesolitikum, Larvik kommune, Vestfold fylke*, redigert av S. Solheim og H. Damlien, s. 198–235. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Kristiansand.

Solheim, Steinar og Per Persson



2016 Marine Adaptation in the Middle Mesolithic of South-Eastern Norway. I *Marine Ventures: Archaeological Perspectives on Human-Sea Relations*, redigert av H. B. Bjerck, H. M. Breivik, S. E. Fretheim, E. L. Piana, A. M. Tivoli, A. F. J. Zangrando og B. Skar, s. 261–276. Equinox Publishing, Sheffield.

Stabell, Bjørg

1980 Holocene shorelevel displacement in Telemark, southern Norway. *Norsk geologisk tidsskrift* 60:71-81

Sørensen, Mikkel

2006 Rethinking the lithic blade definition: towards a dynamic understanding. I *Skilled Production and Social Reproduction. Aspects of Traditional Stone-Tool Technologies.*, redigert av K. Knutsson og J. Apel, s. 277-296. SA Stone Studies. Societas Archaeologica Upsaliensis, Uppsala.

2017 How to classify lithic artefact materials - if at all: the case of the burin. I *Problems in the Palaeolithic and Mesolithic research*, redigert av M. Sørensen og B. K. Pedersen, s. 207-221. Arkæologiske Studier 12. The Saxo Institute, University of Copenhagen & Museum of Southeast Denmark, Copenhagen.

Sørensen, Mikkel, Tuija Rankama, Jarmo Kankaanpää, Kjell Knutsson, Helena Knutsson, Stine Melvold, Berit Valentin Eriksen og Håkon Glørstad

2013 The First Eastern Migrations of People and Knowledge into Scandinavia: Evidence from Studies of Mesolithic Technology, 9th-8th Millennium BC. *Norwegian Archaeological Review* 46(1):19-56

Sørensen, Rolf, Kari E. Henningsmoen, Helge I. Høeg og Veronika Gälman

*In Press* Holocen vegetasjonshistorie og landhevning i søndre Vestfold og sørøstre Telemark. I *The Stone Age in Telemark. Archaeological results and scientific analysis from Vestfoldbaneprosjektet and E18 Rugtvedt-Dørdal*, redigert av P. Persson og S. Solheim.

Sørensen, Rolf, Kari Henningsmoen, Helge I. Høeg og Veronika Gälman

2014 Holocene landhevningstudier i søndre Vestfold og sørøstre Telemark - revidert kurve. I *Vestfoldbaneprosjektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 1: Tidlig- og mellommesolittiske lokaliteter i Vestfold og Telemark*, redigert av S. Melvold og P. Persson, s. 36-47. Portal forlag og Kulturhistorisk museum, Oslo.

Sørensen, Rolf, Helge I. Høeg, Kari E. Henningsmoen, Göran Skog, Solveig F. Labowsky og Bjørg Stabell

2014 Utviklingen av det sennglasiale og tidlig preboreale landskapet og vegetasjonen omkring steinalderboplassene ved Pauler, Larvik kommune, Vestfold. I *E18 Brunlanesprosjektet. Bind 1. Forutsetninger og kulturhistorisk sammenstilling*, redigert av L. Jaksland og P. Persson, s. 171-218. Varia 79. Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo, Oslo.

Tsirk, Are

2014 *Fractures in Knapping*. Archaeopress, Oxford.



## 11 VEDLEGG

## 11.1 STRUKTURLISTE

Intrasis ID	Kontekst	Mål/areal	Form (1= plan, 2= botn, 3= sider)	Skildring	Pnr.	Fotonr.	T.nr
A6154/ A8381	Lag	40,5 m <sup>2</sup> , <15 cm djupne	1. ujamt	<p>Funnførande utvaskingslag påvist ved trinn 1 på felt 1. Laget vart vidare avdekka i plan ved maskinell fjerning av overliggande lag. Laget vart deretter målt inn, fotografert i plan og rutegrave som to mekaniske lag: lag 2/1 ved ID A6154 og lag 2/2 ved ID A8381. Laget er lokalt avgrensa til den sentrale terrassen på lokaliteten. Laget var funnførande og fanst under eit tynt lag av erosjonsgrus avsett frå bergsidene rundt terrassen. Over dette gruslagt fanst lag danna i samband trekolproduksjon i mila.</p> <p>Omfanget av utvaskingslaget er ikkje fullstendig påvist i plan, og den utflytande og tilnærma runde/ovale forma i plan har kunstig avgrensing. Dette har samband med seinare forstyringar; i nordre del som følgje av djup grøft/voll som høyrer til aktivitet i samband med kolmila og grøfta langs vegfarete som går i retning nordover. Dette medfører at ein del av laget er forstyrra og fjerne i nordre del av felt 1. Laget var vanskeleg å påvise i området som dannar midten av terrassen. Det er sannsynleg at aktiviteten knytt kolmila har forstyrra og øydelagt dette laget i midtre del av mila, der mila er på sitt djupaste.</p> <p>Det vart samla inn kolbetar frå såld ved rutegraving (P8558), pollenserieprøve frå profilvegg C7030 (P10153, P10154) samt to makroprøver frå laget i konteksten A8338 (P10249, P10243). Pollenserien er kassert.</p> <p>Laget er lysegrått/lys brungrått og består av silt, sand og var kompakt av grov grus og handstore steinar med avrunda overflater. Denne steinen gir inntrykk av å vera vassrulla. Steinen er naturstein men det vart observert mogleg</p>	P8558	13-15, 72-73, 75, 77-78, 82, 85-86, 89, 91, 94-95, 99, 252-253	1, 11, 12, 13,

				<p>skjørbrent og varmpåverka stein, sistnemnde ikkje i konsentrasjonar. Nokre steinar var sota og som indikerer varmpåverknad frå kolmila. Ved utgravinga fanst ikkje tid til å skilje ut og dokumentere eventuell skjørbrent stein frå laget. Det vil difor ikkje vera mogleg å estimere omfanget av slik stein eventuelt etterlaten frå buplassaktiviteten frå steinalder.</p> <p>Ved rutegraving av laget fanst tydeleg konsentrasjon av steingjenstandar. Det vart også påvist to strukturar, A8338 og A8366, begge i same nivå som utvaskingslaget.</p> <p>Uavhengig av kva som er formasjonsprosessen er laget tolka som eit naturdanna lag. Etter danning av laget/ i prosessen for danning av laget har plataet vore nytta som buplassflate. Aktiviteten frå ESTA kan i all hovudsak relaterast til laget. I forlenging av dette kan laget tolkast som nivået av ei eldre markoverflate/buplassflate.</p>			
